

Lukas 15:11-32 lest med fokus på familieverdier og foreldrerolle:

Ein kvalitativ undersøking av Interkulturell Bibellesing mellom ei norsk og ei filippinsk gruppe, sett i lys av kontrast i kontekst og kultur

Jone Unlayao Slettebø-Knudsen

VID vitenskapelige høgskole

Stavanger

Masteroppgave

Master i profesjon i teologi

Antall ord: 22543

14.05.2021

Opphavsrettigheter

Forfatteren har opphavsrettighetene til rapporten.
Nedlasting for privat bruk er tillatt.

Sammendrag/abstract

Heilt inn i vår tid har Europa vore eit sentrum for teologisk utvikling, og tanken var, særleg under kolonitida, at berre den europeiske vestlege tradisjonen kunne føre fram sann teologisk kunnskap. Denne tanken har i nyare tid vorte utfordra av ei verd som stadig vert meir og meir globalisert gjennom nye formar for transport, kommunikasjon og vitskap. Inn i den nye tida har Europa og vesten sitt tilnærma monopol på «god teologisk kunnskap» vorte brote ned, og som eit resultat har det teologiske tyngdepunktet vorte meir utydeleg. Ut i frå denne utviklinga har ein ny form for postkolonial bibelesing sitt utspring, nemleg den interkulturelle bibellesinga. Denne forma for bibelesing, der bibel og kulturell kontekst møtes, har ført til ein myriade av nye tolkingar som kaster nytt lys på gamle bibeltekster.

I 2001 vart det starta eit prosjekt rundt interkulturell bibellesing av den Nederlandske professoren Hans De Wit. Det spesiell med dette prosjektet var ikkje at lesarar frå forskjellige kultur og kontekst vart spurde om å delta.¹ Eigenarten hadde heller ikkje sitt grunnlag i at det var «vanlege » lesararar som tok del. Innovasjonen var å finne i at avstand vart innført som ein hermenautisk faktor og at dialog vart innført mellom partar frå forskjellige tolkingstradisjonar og kontekst. Målet med prosjektet var å finne ut av kva som skjer når menneske med svært forskjellig kontekst og kultur, lesar den same bibelteksten og starter ein dialog rundt den sin tyding. Prosjektet resulterte i at deltakarane vart bevist på si eiga og «den andre» si tolking av bibelteksten.

Denne oppgåva vil forsøke å finne fram til kva som skjer når to grupper av «vanlege» lesarar, ei norsk og ei filippinsk, les teksten om den bortkomne sonen i Lukas 15:11-32 saman. Korleis snakkar og samhandlar dei to gruppene med kvarandre på tross av forskjellig kontekst og kultur, og vil møtet føre til ein felles transformasjon av tolking og praksis som kaster nytt lys på teksten og livet?

From olden days and all the way up until our times Europe has been a centre of theological development, and the thought was, especially under colonial times, that only the European western tradition could maintain true theological knowledge. This thought has been challenged throughout modern times by a constantly more globalized world and through the invention of new forms of transportation, communication and science. Europe and the West

¹Rainer Kessler. "Reading the Text - Reading the Others - Reading Ourselves.", i *Bible and Transformation : The Promise of Intercultural Bible Reading*. Edited by Hans de Wit and Janet Dyk. (Atlanta: SBL Press, 2015), 151-54.

has within this new era lost its monopoly as the only source of “good theological knowledge”, and as a result the theological centre of gravity has become more indistinct. From this development a new form of post-colonial bible reading was created. Intercultural bible reading. This new form of bible reading, where the Bible and the cultural contexts meet, has led to a myriad of new interpretations, which casts new light onto old Bible texts.

In 2001 a project on intercultural bible reading was started in the Netherlands by the professor Hans De Wit.² The project was not special in the way that the participants was from different cultures and context. Neither was the project special in the way the participants were “ordinary readers” of the Bible, with no theological education. The innovation was to be found in the fact that distance was introduced as a hermeneutical factor, and dialogue was introduced between groups with different interpretive traditions and contexts. The goal of the project was to research what happens when people with radically different context and culture reads the same Bible passage and starts a dialogue about its interpretation. The project resulted in a transformation of some of the participants as they became aware of the own biblical interpretation and the interpretation of “the other”.

This thesis will try to describe what happens when two groups of “ordinary readers” of the Bible, one Norwegian group and one Philippino group, reads the text about the prodigal son in Luke 15:11-32, asking: how does the two groups talk and behave with each other despite their contextual and cultural differences? Will their collaboration lead to a transformation of interpretation and praxis that will shed new light upon the text and their life?

² Hans de Wit and Janet Dyk, "Introduction", i *Bible and Transformation : The Promise of Intercultural Bible Reading*. Edited by Hans de Wit and Janet Dyk. (Atlanta: SBL Press, 2015), 1.

Forord

Dette semesteret har vorte ein del av det mange har kalle for «eit annleis år». Korona med alle sine restriksjonar og anbefalingar har sanneleg ikkje gjort kvardagen enkel, og når det viste seg at masteroppgåva skulle skrivast i desse tider så visste eg at det ikkje ville bli ein dans på roser. Her var det ikkje berre nok med eit hardt, kontinuerlig og sjølvstendig arbeid. Her måtte det eit fellesskap til for å kunne gjennomføre det arbeid som nå låg framføre meg, eit fellesskap eg ikkje kunne ha vært forutan. Dette fellesskapet og dei individa som det er bygd opp av skal nå få den takken som dei fortener.

Eg vil først og fremst takke min gode rettleiar Knut Holter, som ikkje berre har ført meg gjennom prosessen rundt det å skrive masteroppgåve, men som også var den som viste meg den fantastiske verda som kontekstuell teologi og interkulturell bibellesing er. Innspela og tankane hans gjennom prosjektet har fått meg gjennom dette semesteret relativt smertefritt, og det heile hadde ikkje vært så gjevande og lærerikt utan han.

Ein stor takk må også rettast til min kjære kone Berly Kristina, som gjennom sitt sosiale nettverk, fant fram til ein nødløysing då den eine prosjektgruppa i prosjektet måtte avbryte prosjektet. Du skal også ha æra for deler av ordlyden rundt denne oppgåva, ikkje hadde vert den same utan deg. Du har stått med meg gjennom heile prosjektet, og aldri tvilt på mine evner til å gjennomføre.

Eg vil også takke kvart individ i prosjektgruppene for den gode samarbeidsviljen dei har vist gjennom prosjektet. Dette prosjektet hadde ikkje vert mogeleg utan den ærlegdommen og openheita de har vist i møte med kvarandre og meg.

Til slutt vil eg takke alle mine næraste vener og familie for den store støtta og oppmuntringa. Takk for dei gode stundene utanom arbeidet. Utan desse avbrekka hadde eg ikkje klart å komme meg gjennom desse harde månadane.

Innholdsliste

1	Introduksjon	1
1.1	Observasjon.....	1
1.2	Utvikling av forskningsspørsmål	3
1.3	Metode	4
2	Teori.....	8
2.1	Teori rundt samling og analyse av data	8
2.1.1	<i>Oppsett av bibellesing i smågrupper</i>	8
2.1.2	<i>Intervjuobjekt/grupper</i>	9
2.1.3	<i>Grounded Theory</i>	10
2.1.4	<i>Koding</i>	12
2.1.5	<i>Analyse av empirisk materiale</i>	13
2.2	Teori rundt interkulturell bibellesing	14
2.2.1	<i>Empirisk Hermeneutikk og Subjektets kontekstuelle tolking</i>	15
2.2.2	<i>Den «vanlege» lesar</i>	16
2.2.3	<i>Møte med “den andre”</i>	18
2.2.4	<i>Transformasjon i lys av interkulturell bibellesing</i>	19
2.2.5	<i>Åndeleg vekst i lys av interkulturell bibellesing</i>	20
2.3	Teori rundt Kultur	22
2.3.1	<i>Geert Hofstede sine fem kulturelle dimensjonar</i>	23
2.3.2	<i>Kulturell beskriving av Noreg og Filippinene</i>	26
3	Leserapporter	28
3.1	Biografi	28
3.1.1	<i>Norsk gruppe</i>	28
3.1.2	<i>Norsk filippinsk gruppe</i>	29
3.2	Rapport 1.....	29
3.3	Rapport 2.....	32
3.4	Rapport 3.....	36
4	Analyse av empirisk materiale.....	40
4.1	Familierelasjonar, -verdiar og foreldrerolle i teksten	40
4.1.1	<i>Faren</i>	40
4.1.2	<i>Den eldste sonen</i>	41

4.1.3	<i>Den yngste sonen</i>	44
4.1.4	<i>Den manglende forelderrolla i teksten</i>	44
4.2	Ansvar i familien.....	46
4.3	Gruppene sin assosiasjon mellom faren i historia og Gud.....	47
4.4	Konfesjon og «handling» som nødvendig i prosessen rundt tilgjeving.....	48
4.5	Bodskaper i teksten	51
4.6	Transformasjon og åndeleg vekst	53
5	Konklusjon.....	55
	Litteraturliste.....	58
	Vedlegg.....	59

1 Introduksjon

Som eit resultat av at det teologiske tyngdepunktet har vorte meir utydeleg i den postkoloniale tida vi lever i, har det teologiske sentrum bevegde seg bort frå Europa og «vesten». Teologiske fakultet har vorte oppretta i land utanfor den vestlege sfære, og kristendommen har fått fotfeste i dei aller fleste land og kulturar. Inn i denne tida vert bibelen introdusert for nye kontekster og kulturar, noko som dannar grunnlaget for ny tolking og ny bruk av teksten.

Taggart E. Wolverton skriver innleiingsvis i boka si *An Intimate Revelation – Intercultural Bible reading with adolescents* at bibelen, i seg sjølv, generer eit hav av forskjellige tolkingar.³ Vidare skriv han at bibelen har ein tendens til å generer nye spørsmål til fleire svar ein får. Det kan altså vanskelig seiast at det finnest ein sann måte å tolka bibelen på, etter som det å tolke bibelen er ein dynamisk prosess og den taler annleis til oss ut ifrå kva livssituasjon ein oppheld seg i. Kva skjer så dersom ein i tillegg til dette introduserer kultur, språk og avstand som hermenautiske faktorar inn i det heile?

Målet med dette prosjektet er å utforske kva som skjer når to smågrupper med forskjellig bakgrunn og forskjellig kultur møtes gjennom bibellesing. Kan eit slikt møte føre til ein utvikling hos dei to gruppene og måten dei leser bibelen på i det dei vert eksponert for «den andre» sin lesing, og kan dette føre til ein transformasjon rundt korleis ein les, tolkar og brukar teksten?

1.1 Observasjon

Gjennom studietida mi ved Hald internasjonale senter i Mandal og VID avdeling Stavanger har eg vorte eksponert for ei rekke med kontekstar og kulturar. Gjennom arbeid med interkulturell kommunikasjon og teologi har eg vore på tre opphald i utlandet, eit i Laos og to i Japan. Her vart eg eksponert for korleis kontekst og kultur er med på å forma oss, måten vi tenker på og måten vi trur på. Mitt møte med «den andre» fekk meg til å tenke at det ikkje finnest ein universal og rett måte å tolka bibelen på. Ein bibeltekst om pengar vart i Noreg brukt til å beskrive synd, mens den i Laos vart brukt i ei preike som omhandla Guds kjærleik, velvilje og velsigning andsynes menneske. I Japan vert hovudteksten i denne oppgåva, teksten om den bortkomne sonen, sett på som ein dårleg tekst. Dette med grunnlag i at farsfiguren i

³ Taggart E. Wolverton, *An Intimate Revelation : Intercultural Bible Reading with Adolescents* (New York, NY: Peter Lang Publishing, Inc., 2020), IX-X.

teksten ikkje handlar slik som ein god far, i ein japansk kultur og kontekst, ville ha gjort andsynes sine søner. Eg sjølv, som nordmann, synest at dette er ein fantastisk tekst som viser til ein fars kjærleik til sine born. I tillegg til dette føler eg at teksten har sitt virke som eit førebilete på korleis ein far bør handle ovanfor sine born, noko som står i sterk kontrast til den japanske tanken.

Tross den tidlegare erfaringa frå mitt første møte med kontekstuell bibellesing var det først mot slutten av profesjonsstudiet i teologi at eg vart merksam på den faktiske verdien av det å samanlikna kontekstuelle tolkingar gjennom ei empirisk, interkulturell bibellesing. Det gjekk opp for meg at ein ikkje treng å krysse landegrensar for å møte på ein endring i tolking med bakgrunn i kontekst og kultur. Som menneske innanfor same nasjonale kontekst og kultur har ein ulike svar på store spørsmål rundt for eksempel dåp, nattverd og samkjønna ekteskap. Denne nasjonalt interne forskjellen på kontekst og kultur vert forsterka gjennom det at størsteparten av dei som les bibelen er «vanlege» lesarar. Det vil sei, menneske utan ein formell teologisk utdanning.

«Vanlege» lesarar av bibelen har ikkje sin tolking frå læresetningar, fagbøker og teologiske oppslagsverk i motsetning til teologar. Dei finn meininga i teksten ved å kopla den opp mot sine eigne liv og erfaringar. Livserfaringa og måten ein tenker og handlar på bygger på kontekst og kultur, og har med det ingen faste ramar for kva som er rett og galt når det kjem til tolking. Ein kan kanskje seie at teksten ikkje gjev meining til våre liv men våre liv gjev meining i teksten.

Den «vanlege» lesar sitt tolkingspotensial i forhold til Bibelen har på mange måta vert eit undervurdert område innanfor teologien, dette til tross for dei enorme moglegheitene den bærer på. Det er eit område som ikkje forsøker å finne fram til den ultimate tydinga av dei bibelske tekstane, men som heller søker å finne fram til nye perspektiv rundt teksten. Kva skjer så når ein tar utgangspunkt i den «vanlege» lesar av bibelen, og dannar små bibellesegrupper frå forskjellig kultur og kontekst? Kva skjer når gruppene vert merksame på kvarandre og den ulike tolkinga av bibelen? Kan denne forma for interkulturell bibellesing føre til ei ny forståing av teksten, og kan det heile skape eit potensiale for transformasjon av lesarane? Dette er berre nokre av dei mange spørsmåla som oppstår i møte med den interkulturelle bibellesinga.

Alle desse observasjonane førte til nye tankar. Kan den «vanlege» lesar av bibelen, i møte med «den andre», vera ei kjelde til ny kunnskap og visdom rundt gamle tekster? Kan eit prosjekt rundt interkulturell bibellesing føre til ny praksis og åndeleg vekst hos deltakarane? Det er desse tankane som dannar grunnlaget for denne masteroppgåva.

1.2 Utvikling av forskingsspørsmål

Dette prosjektet rundt interkulturell bibellesing hadde sitt opphav i eit studie av kontekstuell teologi, då i form av ei interesse rundt korleis menneske i rolla som foreldre tolkar bibeltekstar som tar opp tema rundt familieforhold. Prosjektet tar sitt utgangspunkt i interkulturell bibellesing med hovudfokus rundt ulike kulturar og kontekstar innanfor same land.

Når det kom til sjølve forskingsspørsmålet så vart det eit mål å ikkje gjera det for snevert og fokusert. Dette ville ha avgrensa samtalen mellom dei to gruppene og gjort den mindre fri. Målet med oppgåva er ikkje å finne fram til ei einsarta tolking av Bibelen, men heller å vise til ulikskapen som oppstår når ein lesar og tolkar dei bibelske tekstane. Med dette i tankane vart fokuset i oppgåva lagt på familieverdier og foreldrerolle slik som ein les og tolkar dei ut ifrå Bibelen.

Til denne oppgåva trengte eg ein bibeltekst som innehaldt familieverdier og som viste til foreldrerolla. Valet falt på teksten om den bortkomne sonen i Lukas 15:11-32. Dette med grunnlag i at det er ein tekst som, i tillegg til å ta opp forskjellige familieverdier, er mykje brukt inn mot interkulturell bibellesing. Interaksjonen mellom farsfiguren og dei to sønene skapar ein ambivalens når det kjem til tolking. I nokre kulturar og kontekstar vert farsfiguren sett på som ein god og kjærleg far, mens i andre kulturar er han ein dårleg far som ikkje handlar rett og rettferdig andsynes sine born.

Når det kom til val av grupper var målet å finne ein kontrast til ei norsk gruppe. Kontrasten måtte ha sitt grunnlag i forskjellige familieverdier og foreldreroller. For å finne fram til ei god partnergruppe vart Geert Hofstede sine fem kulturelle dimensjonar brukt. Her vart det eit poeng å finne fram til ein kultur som, i motsetning til den norske individualismen, bygger på ein kollektivistisk tankegang. Dette for å skape ein kontrast i måten ein tenker familie på. Valet falt til slutt på den filippinske kulturen som er sterkt prega av kollektivismen. Geert

Hofsted sine fem kulturelle dimensjonar og forholdet mellom Noreg og Filippinene vil verta beskrive i større detalj i kapittel 2.3.

Denne oppgåva vil vera ein refleksjon over eit prosjekt som vil forsøke å belyse oppgåveordlyden slik som den vert presentert i avsnittet under. Gjennom prosjektet vil eg forsøke å belyse spørsmålet: *Kan Lukas 15:11-32 brukast til å formidle kristne familieverdier og foreldreroller? Er desse verdiane og rollene dei same på tross av kontekst og kultur, når same tekst vert brukt som utgangspunkt gjennom interkulturell bibellesing?*

Etter som oppgåva bygger på *Grounded Theory*, så måtte sjølv oppgåveordlyden vera formulert opent. Dette har sitt grunnlag i at metoden tar utgangspunkt i at informasjonen vert analysert etter kvart som den vert etablert, og at teori og konklusjonen kjem ut frå informasjonen som vert samla inn gjennom prosjektet. Oppgåva går på den måten ikkje ut ifrå ei allereie undersøkt hypotese. Med dette som grunnlag vart oppgåveordlyden som følgjande: *Lukas 15:11-32 lest med fokus på familieverdier og foreldrerolle. For å spisse oppgåva vart det lagt til ein undertittel som lyder slik: Ein kvalitativ undersøkning av Interkulturell Bibellesing mellom ei norsk og ei filippinsk gruppe, sett i lys av kontrast i kontekst og kultur.*

1.3 Metode

Oppgåva vert utvikla rundt det ein kan kalle for *Biff-modellen*.⁴ Biff står for «*Et bibelstudieopplegg som jobber interkulturelt, og har en folkelig profil og en frigjørende målsetting*». Modellen går ut på at forskjellige bibelstudiegrupper går saman for å utveksle erfaringar rundt teksten med kvarandre, og det heile vert gjennomført på tvers av kontekst og kultur.

I praksis går gruppene inn i eit forpliktande fellesskap der dei lærer kvarandre å kjenne. Ut ifrå dette skal det vokse fram ein forståing rundt det at dei les bibelen ulikt, og kvifor denne ulikskapen oppstår. Modellen viser til at all bibellesing er interkulturell bibellesing etter som den vert lest i ein annan kultur enn den vart skriven i, og den ønsker å skape ein forståing rundt kva verknad kultur og kontekst har på måten ein les bibelen. Biff-modellen er altså ein modell som tar utgangspunkt i den «vanlege» lesar av bibelen. Dette har sitt grunnlag i at den

⁴ Knut Holter, "Biff-Manual," Hentet 08.02.2021 frå <https://simb.africa/wp-content/uploads/2018/10/Attachment-2.pdf>.

kultur- og kontekstbaserte lesinga av bibelen går ut ifrå den umiddelbare tolkinga av teksten. Denne umiddelbare tolkinga tar då sitt utgangspunkt i lesaren si eiga erfaring og anliggande. Dette står i kontrast til den «profesjonelle» lesar som fører ein meir kritisk lessing av bibelen, noko som fokuserer meir på eit historisk og literært grunnlag.

Når det kjem til den praktiske delen av denne oppgåva, så vil innsamlinga av empiri skje over tre samlingar der gruppene møtes kvar for seg. Første samling går ut på å lese den bestemte bibelteksten i lys av gruppene sine eigne erfaringar og liv. Mot slutten av møtet vert det skrive ein rapport som vert utveksla mellom gruppene. Under andre samling skal gruppene lese same bibeltekst berre denne gong i lys av partnergruppa sin rapport. Denne lesinga skal gje eit glimt av korleis den andre gruppa les teksten. Til slutt vert det også her skrive ein rapport som vert utveksla med partnergruppa. Under tredje og siste samling skal gruppene lese bibelteksten ein siste gong, denne gongen i lys av partnergruppa sin andre rapport. Gjennom denne tredje og siste lesinga skal gruppene kunne få eit innblikk i korleis «andre» forstår «vår» lesing og tolking av teksten, noko som vert gjort gjennom ein utveksling av ein tredje og siste rapport.

Rapportane vert samla inn av meg etter kvart møte. Rapportane vert så omsett til gruppene sine respektive språk og sett inn i ein intervjuguid for neste møte. Spørsmåla til intervjuguidane har sin grunn i dei føregåande rapportane og vert utvikla for å fremje den gode samtalen mellom dei to gruppene. Eg står for kommunikasjonen mellom dei to gruppene, og har ansvar for at gruppene får tilsendt ny intervjuguid saman med partnergruppa sin rapport før kvart møte.

Data som vert samla inn under den praktiske delen av prosjektet vert analysert, koda og plassert i kategoriar basert på tema dei tar opp. Kategoriane vil så verta sortert med grunnlag i korleis dei to gruppene stiller seg til dei. Alt dei to gruppene seier seg samde i vert sortert i ei gruppe, mens alt dei er usamde i vil verta sortert i ei anna gruppe. Den nye innsikten og kunnskapen som oppstår hos gruppene gjennom prosjektet vil verta sortert i ein eigen kategori. Det er denne kategorien, med ny innsikt og kunnskap, som vil vera i fokus gjennom dette prosjektet. Grunnen til at akkurat denne kategorien er i fokus er fordi den viser resultatet av møtet mellom dei to gruppene. Ny kunnskap og innsikt oppstår i brytinga mellom dei to gruppene og deira lesing av teksten. Det er dette som dannar grunnlaget for utvikling, åndeleg vekst og endra praksis, noko som er eit ønskeleg resultat som dette prosjektet ønsker å beskrive.

Det å bruke Biff-metoden inn mot prosjektet rundt kontekstuell teologi og interkulturell bibellesing er ikkje eit nytt fenomen. Dett er heller ikkje noko nytt at denne metoden vert brukt i arbeid med teksten frå Lukas 15:11-32. Knut Holter, professor i det Gamle Testamentet ved VID avdeling Stavanger, bruker Biff-metoden i sitt arbeid med ungdom frå Madagaskar, Thailand og Noreg. Gjennom sitt arbeid bruker han metoden for å finne ut korleis kontekst er med på å påverke måten ungdom les og tolkar Lukas 15:11-32 på, og korleis dei reflekterer over denne forskjellen.⁵ Prosjektet hadde eit ønske om å belyse saken frå to perspektiv. Det første av desse to perspektiva var eit lokalt perspektiv. Dette perspektivet gjekk ut på å analysere det «kreative potensialet» som oppstår i bibellesing og måten gruppene forstår teksten på i lys av sin kontekst og livserfaring. Det andre perspektivet var eit globalt perspektiv. Dette perspektivet søkte å analysere den «korrigierende tolkinga» som oppstår i det sosiale og kulturelle møte med «den andre» gjennom bibellesinga. Målet med dette perspektivet var å vise til ein alternativ tolking av teksten. Samstundes skulle den spegle individets kontekst og skape ein forståing rundt den.

Taggart E. Wolverton, lærer i *Religious Studies* ved *University of South Carolina*, har gjennomført eit liknande prosjekt rundt kontekstuell teologi og interkulturell bibellesing. Dette studiet tok også sitt utgangspunkt i teksten frå Lukas 15:11-32, men hadde til forskjell prosjektgrupper frå heile verda. Motivasjonen bak dette studiet var ein veksande tanke rundt at den «enkle» aktiviteten som bibellesing er kunne fordre til åndeleg modning. Dette vart gjort gjennom ein prosess fokusert rundt dialog og utveksling av tankar mellom grupper av ungdom frå forskjellige kontekstar og kulturar.⁶ Gjennom prosjektet bruker Wolverton sin eigen versjon av Biff-metoden. Det er denne versjonen av Biff-metoden eg sjølv brukar gjennom prosjektet, og den vil bli beskrive i større detalj i neste kapitel (2.1.1).

Ein kan konkludere dette kapitelet ved å vise til allsidigheita rundt bruken av Biff-metoden. Gjennom bruken av denne metoden kan ein bygge eit godt og trygt grunnlag for møte med «den andre» gjennom interkulturell bibellesing. Metoden er sensitiv i forhold til kontekst og kultur, noko som dannar ein god og trygg arena for den utvekslinga som oppstår gjennom eit slikt prosjekt. Dette er heilt essensielt etter som metoden tar utgangspunkt i den «vanlege» lesar av bibelen. Den «vanlege» lesar tolkar bibelen ut i frå eit eksistensielt perspektiv. Dette

⁵ Knut Holter, «Malagasy, Thai, and Norwegian Youths Reading Luke 15 Together», Hentet 28.04.21 frå <https://simb.africa/wp-content/uploads/2019/12/2019-Holter-Malagasy-Thai-and-Norwegian-Youths-Reading-Luke-15-Together.pdf>

⁶ Wolverton, *An Intimate Revelation : Intercultural Bible Reading with Adolescents*, x-xi.

gjer at tolkinga som kjem fram atterspeglar livet til den som tolkar teksten. Det å legge fram ei slik tolking er djupt personleg og sårbar. Med dette som grunnlag må den interkulturelle bibellesinga gå føre seg i metodisk trygge rammer som vernar om individets sitt liv og erfaring. Det er dette som dannar grunnlaget for at eg har valgt Biff-metoden som utgangspunkt i denne oppgåva.

2 Teori

Dette kapittelet av oppgåva vil ta føre seg den teoretiske delen av oppgåva, og vil med det danne grunnlaget for tolking av det empiriske materialet slik som det står fram i kapitel tre og fire.

2.1 Teori rundt samling og analyse av data

2.1.1 Oppsett av bibellesing i smågrupper

Oppsettet på dette prosjektet vil følgje modellen som vert presentert i Appendix A i boka til Wolverton.⁷ Modellen har tre fasar:⁸

- *Første fase* er ein utforskande fase der forskaren startar prosessen med å skape eit ope miljø for gjensidige bidrag inn i prosjektet. Her vert det første materialet og dei første observasjonane utveksla mellom gruppene.
- Under *andre fase* begynner det teoretiske grunnlaget å utvikle seg gjennom analyse av materialet som oppstår i møter mellom gruppene.
- I den tredje og siste fasen begynner tolking av materialet som vert samla inn.

Sjølve utføringa av prosjektet skjer over tre møter, der ein rapport vert skriven og utveksla med partnergruppa etter kvart møte. Gjennom den triple lesinga vert gruppa gradvis eksponert for korleis «dei andre» lesar bibelteksten, og korleis «andre» erfarer «vår» lesing.

Heilt konkret vert då oppsettet på prosjektet sjåande slik ut:

- Ved første møtet skal ein skrive ein kort biografisk tekst som viser til gruppa, deretter lesar ein Lukas 15:11-32 frå sitt eige perspektiv for så å skrive ein leserapport som vert delt med partnergruppa.
- Ved andre møtet lesar ein Lukas 15:11-32 frå den andre gruppa sitt perspektiv slik som det står fram igjennom rapporten deira. Igjen vert det skrive ein leserapport som

⁷ Wolverton, *An Intimate Revelation : Intercultural Bible Reading with Adolescents*, 201-12.

⁸ Ibid., 51-52.

inneheld likskap og ulikskap av eigen og partnergruppa si oppfatning av teksten. Denne vert delt med partnergruppa.

- Ved tredje og siste møtet skal ein lese Lukas 15:11-32 frå det perspektivet som oppstår i partnergruppa sin andre leser rapport, altså partnergruppa si tolking av rapporten «vår». Til slutt vert det skriva ein leser rapport som svarer på eventuelle spørsmål og som konkluderer samtalen og som vert delt med partnergruppa.

Før kvart møte produserer eg eit skriv som inneheldt eit oppsett for kvart møte. Dette skrivet er meint som ein rettleiar for samtalan i gruppa, og vert produsert med mål om å oppfordre til samtale mellom gruppene. Oppsettet vert forskjellig frå gong til gong og vert basert på dei føregåande rapportane til gruppene. Innhaldet i oppsettet vert som følgjande: Partnergruppa sin rapport, Bibelteksten og til slutt kontekstuelle spørsmål til bibelteksten som reflekterte partnergruppa sin rapport. Til slutt i oppsettet vert det presentert ein moglegheit for å stille spørsmål til partnergruppa sin rapport og tolking av bibeltekst.

2.1.2 Intervjuobjekt/grupper

Val av intervjuobjekt var viktig inn mot denne oppgåva. Dette etter som forskaren ikkje kan observere og registrere all bakgrunnsinformasjonen som eksisterer innanfor kvart individ i gruppene. Med utgangspunkt i dette vert *ikkje-sannsynsutval* brukt som metode for vala av intervjuobjekt. I denne metoden vert intervjuobjektet sett saman gjennom eit bevisst utval av individ som reflekterer ein eller fleire bestemte kvalitetar i samfunnet.⁹ Intervjuobjektet vert med det ikkje statistisk representativ for samfunnet, men representerer eit bestemt side av den.

Innanfor *ikkje-sannsynsutval* er *formålsbasert utval* eller *kriteriebasert utval* den vanligaste metoden å finne fram til intervjuobjekt på.¹⁰ Gruppa vert valgt etter som dei har ei rekke med kvalitetar som oppfyller førehandsette kriterier, noko som gjer det lettare å gjennomføra ein detaljert utforsking av eit spesifikt tema. Innanfor *formålsbasert/kriteriebasert utval* finnes det igjen ei rekke med forskjellige tilnærmingar som er designa etter kva retning forskinga tar.¹¹ Inn mot denne oppgåva vil *stratifisert målretta utval* verta brukt som metode.¹² Dette er

⁹ Jane Ritchie and Jane Lewis, *Qualitative Research Practice : A Guide for Social Science Students and Researchers* (London ; Thousand Oaks, Calif.: Sage Publications, 2003), 78.

¹⁰ Ibid.

¹¹ Ibid., 79.

¹² Ibid.

ei hybrid tilnærming som har som mål å finne fram til grupper som viser variasjon rundt eit spesifikt fenomen, men som i seg sjølv er ganske homogene. Dette vert gjort med eit mål om å kunne samanlikna dei to gruppene inn mot eit bestemt tema.

Dersom ein tar i bruk teorien i dette delkapitelet så vert utvalet av intervjuobjekt i denne oppgåva klargjort. Etter som dette er eit prosjekt rundt interkulturell bibellesing så var det viktig å ha to grupper med forskjellig etnisk bakgrunn. Her gjorde eg eit val om å ha ei norsk-etnisk gruppe satt opp mot ei gruppe av ein anna etnisitet. Denne gruppa enda opp me å vera ei filippinsk etnisk gruppe. Inn i desse gruppene var det så viktig å etablere ein felles homogenitet. Alderen på deltakarane var fastsett til rundt 40 åra. Val av alder står i samanheng med tema i oppgåva som er familieverdiar og foreldrerolle, og 40 åra er ein alder der dei fleste par har born. Det at dei aller fleste i gruppa er foreldre er også eit grunnlag for homogenitet mellom dei to gruppene. Ein hovudvariasjon mellom gruppene er at den norske gruppa tilhøyrar den norske kyrkja, medan den filippinske gruppa er oppdratt innanfor den katolske konfesjonen men høyrer til eit økumenisk interkulturellt kyrkjesamfunn. Målet med utvalet var å finne fram til to grupper med forskjellig bakgrunn, men same livssituasjon, som kunne føre ein samtale rundt den same bibelteksten.

2.1.3 *Grounded Theory*

Det å beskrive *Grounded Theory* som metode er eit vanskelig oppdrag. Dette har sitt grunnlag i at metoden ikkje har ein enkel samlande metodologi som er klart definert og spesifisert.¹³ Metoden starta med boka *The discovery of grounded theory: Strategies for qualitative research* skrive av Barney G. Glasser og Anselm L. Strauss. Denne boka vart publisert for første gong i 1967. Sidan teorien først vart lagt fram har det med åra oppstått forskjellige tolkingar av metoden som alle har forskjellige tilnærmingar til metodologien. Sjølv om det eksisterer mange formar av *Grounded Theory*, så bygger dei alle ei rekke med punkter som danner grunnlaget i metoden. I boka *Qualitative Research Practice* beskriver Ian Dey *Grounded Theory* gjennom fem slike punkter:¹⁴

1. Metoden krevjar av forskaren ein sensitivitet rundt det empiriske materiale, ein slags disposisjon til å oppdage idear i data utan å tilføre fordommar. Dette har sin grunn i at

¹³ Clive Seale, *Qualitative Research Practice*, Concise pbk. ed. (London ; Thousand Oaks, CA: SAGE, 2007), 80.

¹⁴ Ibid.

metoden har som mål å generere teori gjennom forskingsdata i staden for å teste teoriar som vert formulert på førehand.

2. Prosessen ved å generere informasjon frå data krevjar ein innovativ tilnærming. I staden for å identifisere eit utval av data på førehand, så går metoden ut ifrå eit *teoretisk utval* av suksessiv data. Denne dataen vert valgt for å teste og raffinere nye idear som oppstår etter kvart som data vert samla inn. Data vert valgt ut ifrå deira relevans inn mot å generere samanlikningar, heller enn å vera ein representativ verdi som tillater ein generalisering av spesifikk populasjon.
3. Metoden bygger i hovudsak på kvalitativ data som vert tileigna gjennom observasjon og ikkje-strukturerte intervju som første steg i prosessen. Etter kvart går metoden over til ein meir strukturert form for samling av data etter som studiet får eit klarare fokus. *Det teoretiske utvalet* av data utviklar seg i takt med studiets progresjon, og utviklinga vert styrt av den kontinuerlege analysen av data som vert samla inn.
4. Prosessen med å analysere data som vert samla inn er sentrert rundt koding av data inn i kategoriar med eit formål om å kunne samanlikne resultat. Kategoriane er ikkje meint som merkelappar, men er analytiske i sin natur. Desse kategoriane dannar konseptualiseringer av hovudaspekt rundt den innsamla dataen. Basert på denne vert det danna meiningsfulle tydingar av fenomenet som er under utforsking. Gjennom denne kontinuerlege samanlikninga kan forhold mellom hovudaspekta verta identifisert, raffinert og forklart.
5. Metoden gir til slutt ein pekepinn til korleis ein fører forkinga til ein fullstendig konklusjon. Innsamling av data vert avslutta når den når *teoretisk metting*. Fenomenet oppstår når ytterligare data ikkje lengre fører til nye distinksjonar eller raffinering av den framståande teorien. Analysen av data stopper når kjernekategoriari som kan danne ein heilskap i forkinga oppstår.

Når det kjem til *Grounded theory* så er det *det teoretiske utvalet* som er sjølve limet som held det heile i saman. *Teoretisk utval* er ein prosess rundt innsamling av data som ein bygger teori rundt.¹⁵ Gjennom denne prosessen forsøker forskaren samstundes å samle, kode og analysere data, for så å avgjera korleis ein skal fokusere informasjonen. Med dette som grunnlag kan

¹⁵ *Ibid.*, 83.

teoretisk utval utforske ein sosial prosess ved først å generere ein ide basert på føregåande feltarbeid, for så å klargjerer eller forsterke ideen gjennom vidare utval. Dette skapar igjen eit grunnlag for å danna samanlikningar og/eller kontrastar. Inn mot denne oppgåva har fokus allereie vorte fastsatt gjennom eit bevist val av bibeltekst og intervjuobjekt. Gjennom å velja grupper samansett av foreldre og bibeltekst som trekker parallellar til familieverdier og foreldreroller vert eit fokuset oppretta. Målet med det empiriske arbeidet vert dermed å finne fram til samanlikningar og kontras som kan føre til kjernekategoriari som igjen kan brukast til å beskrive dei to gruppene.

2.1.4 Koding

Proseduren rundt koding av data i *Grounded Theory* viser til eit rammeverk for korleis ein kan utføre ein systematisk analyse av data. Kodinga av det empiriske materiale kan delast inn i tre fasar, nemleg *open koding*, *aksial koding* og *selektiv koding*.¹⁶

Open koding består av prosessen der ein bryter ned, utforskar, samanliknar, konseptualiserer og kategoriserer data.¹⁷ Kodinga i seg sjølv er einingar som fangar og overfører tyding som kjem til syne gjennom utforsking og samanlikning av data. Inn mot dette viser open koding til ein metode som generere idear gjennom ei nøye utforsking av det empiriske materialet. Dette vert gjort gjennom ein «linje for linje» analyse av empirien, der ein stiller generelle spørsmål rundt empirien. Desse spørsmåla vert stilt ut ifrå kva teksten presenterer og ikkje ut ifrå allereie utvikla teoriar. Spørsmål som bygger på repertoaret kven, kva, kvar, når og korleis dannar grunnlaget for slike spørsmål som vert danna direkte ut ifrå teksten.

Denne kreative prosessen, som *open koding* er, prøver å møte det empiriske materialet på ein måte som lar den påkalle og provosere fram idear som ikkje inneheld fordommar frå forskaren. Analytikaren må, som sagt, møte teksten utan fordommar, men ikkje utan idear. Dette kjem av at analytikaren, under kodinga, skal nytte seg av eit breitt område av kjelder fagområder og disiplinær.¹⁸ *Open koding* går altså ut på å bygge så mange kategoriari som mogleg, belyst av moglegheitene som desse variasjonane skapar.

¹⁶ Ibid., 84.

¹⁷ Ibid., 84-85.

¹⁸ Ibid., 85.

Neste steg i kodinga er *Aksial koding* som er ein form for integrerande analyse som kopplar saman kategoriar som vert danna under den *opne kodinga*.¹⁹ Denne samankoplinga av kategoriar vart gjort på bakgrunn av kontekst, tilstander, strategi og konsekvensar som kom til uttrykk gjennom det empiriske materialet. Etter som kategoriane vert integrert og kopla saman gjennom den *aksiale kodinga*, vert prosessen meir og meir selektiv. Dette fører oss til den siste fasen av kodinga, den *selektive kodinga*.²⁰ Denne fasen av kodinga integrerer analysen inn i hovudkategoriar, som dannar sentrale konsept. Desse sentrale konsept vert igjen brukt til å beskrive teoriar og fenomen som oppstår i det empiriske materialet. På denne måten er den selektive kodinga med på å utdjupe og nyansere analysen, samstundes som den danne ein raud tråd som viser til dei sentrale tema i det empiriske materialet.

2.1.5 Analyse av empirisk materiale

I motsetning til analyse av data innanfor kvantitativ metode, så finnes det ingen klare reglar eller prosedyre for korleis ein analyserer data innanfor kvalitativ metode.²¹ Måten ein analyserer kvalitativ data varierer innanfor dei forskjellige fagfelte og er avhengig av den kvalitative forskinga sin natur. Analyse av kvalitativ forskning er også avhengig av målet og fokuset rundt den kvalitative forskinga. Etter som eg i denne oppgåva ikkje går ut ifrå eller bygger opp under ein allereie undersøkt hypotese, men bygger teori ut ifrå det empiriske materialet etter kvart som det vert samla inn. Så vert det naturleg for meg å gå ut ifrå ein analytisk metode som genererer analytiske kategoriar og dimensjonar, og som identifiserer forholda mellom dei. *Tverrsnittsbasert informasjonssamling og koding* er ein analytisk metode som passer inn under denne beskrivinga.

I *tverrsnittsbasert informasjonssamling og koding* viser forskaren til eit allment system av kategoriar som vert anvendt på innsamla data for å kunne identifiserer, kategorisere og øymerke den.²² Denne metoden er meint for å skape eit systematisk overblikk av omfanget rundt data. I tillegg prøver denne metoden å finne fram til tema som ikkje ligger eksplisitt og tydelig i dataen. Metoden i seg sjølv har som mål å skape eit overblikk over innsamla data, slik at ein kan føre samanlikningar og parallellar. Ved bruk av denne metoden er det særskilt viktig at ein alltid opprettheld ein direkte kopling mellom dei analytiske kategoriane og den

¹⁹ Ibid.

²⁰ Ibid.

²¹ Ritchie and Lewis, *Qualitative Research Practice : A Guide for Social Science Students and Researchers*, 200.

²² Ibid., 203.

originale dataen.²³ Dersom ein grupperer og samanliknar data utanfor den konteksten den oppstår i vil resultatet verta unøyaktig. Denne faren dannar også grunnlaget for hovudkritikken rundt denne analytiske metoden.

I praksis vil bruken av *tverrsnittbasert informasjonssamling og koding* verta delt i tre fasar.²⁴ Den første fasen vert kalla for *databehandlingsfasen*. I denne fasen vert rå-data sortert og redusert med mål om gjera den meir handterleg. Ved dette stadiet vert tema og konsept utvikla og rå-data vert øyremerka, sortert og syntetisert ut ifrå dei. Den andre fasen vert kalla for *den beskrivande fasen*. Her vert den nå sorterte og reduserte dataen frå den føregåande fasen brukt til å analysere og identifisere hovuddimensjonar i det empiriske materiale, for så å kartlegge mangfaldet av fenomen. Analysen vert så brukt til å utvikle typologiar i form av spesifikke formar av klassifikasjonar som hjelper ein til å forklare korleis fenomen kan verta karakterisert eller differensiert. Den siste fasen er *den forklarande fasen*. I denne fasen vert det gjort eit forsøk på å finne fram til mønster som knyter saman data, for så å forsøker å gje ein forklaring på kvifor desse mønstra oppstår.

Den analytiske prosessen, slik som den vert beskrive i avsnittet over, er ikkje ein lineær prosess men ein dynamisk prosess som beveger seg at og fram mellom dei forskjellige fasane.²⁵ Etter som kategoriar vert raffinert, definisjonar klargjort og forklaringar utvikla så vert det eit konstant behov for å søke tilbake til den originale syntetiserte dataen for å undersøke, klargjera og identifisere underliggjande faktorar.

2.2 Teori rundt interkulturell bibellesing

I 2001 starta Hans De Wit eit prosjekt rundt interkulturell bibellesing. Prosjektet førte til publiseringa av boka *Through the eyes of another – Intercultural Reading of the Bible* i 2004.²⁶ Denne boka dannar grunnlage for prosjektet rundt interkulturell bibellesing som denne oppgåva springer ut ifrå. Prosjektet, med denne boka som grunnvol, har i seinare tid ført til ei rekke med publiseringar og ein kan sei at det heile kuliminerte i 2013 med ein konferanse i Amsterdam. Konferansen førte til ei samling av essay, som vart samla og

²³ Ibid., 203-04.

²⁴ Ibid., 214-15.

²⁵ Ibid., 213.

²⁶ Hans de Wit, *Through the Eyes of Another : Intercultural Reading of the Bible* (Elkhart, Ind.: Institute of Mennonite Studies, 2004).

publisert i boka *Bible and transformation – The Promise of Intercultural Bible Reading*.²⁷

Gjennom denne boka vart kunnskapen som starta med prosjektet i 2001 konsolidert og brakt inn i eit rammeverk kva teologien, sosiologien, psykologien og personleg implikasjon kunne verta analysert.

2.2.1 Empirisk Hermeneutikk og Subjektets kontekstuelle tolking

Empirisk hermeneutikk refererer til ein form for forskning som tar sitt utgangspunkt i ein resepsjon og analyserer korleis interaksjonen mellom bibellesing og samtida føregår.²⁸ Denne forma for forskning er ikkje interessert i analysen av opphavet eller overføringa av teksten. Den ønsker å utforske det som ligger i «forgrunnen» av teksten, noko som viser til teksten sin evne til å beskrive nye situasjonar som forfattaren av teksten ikkje kunne føresjå. Denne forma for forskning ønsker også å utforske effekten av det å lese teksten inn i nåtida, og korleis den vert satt inn i ny konteksten nå lesaren forsøker å forstå teksten ut ifrå sitt eige liv.

Den empiriske hermeneutikken har ein sentral plass i denne oppgåva, etter som det empiriske materialet veks ut ifrå resepsjon av bibeltekstar og samtale mellom menneske frå to forskjellige kulturar og kontekst. Inn i den empiriske hermeneutikken er ikkje lesaren av teksten ein passiv mottakar av det som vert lest, men heller ein aktiv skapar i prosessen som skjer når ein prøver å forstå ein tekst.²⁹ Inn i denne situasjonen oppstår det ein myriade av tankar og meiningar som er basert på lesaren sin rekonstruksjon av teksten sin tyding.

Inn mot tolkinga av teksten kan ein seie at det eksisterer to aktivitetsområder.³⁰ Det første aktivitetsområdet er bibelen og den sin kontekst, noko som ein kan kalle for objektet under utforsking. Det andre aktivitetsområdet består av den som tolkar teksten og deira kontekst, noko som vert kalla for subjektet under utforsking. Det har opp gjennom åra vert eit skarpt skilje mellom dei to aktivitetsområda, og academia har tradisjonelt halde seg til det første av desse to aktivitetsområda. I nyare tid har det dette skilje vorte utfordra, og den subjektive delen av tolkinga har kome meir og meir i fokus.³¹ Subjektet som tolkar teksten har blitt eit

²⁷ Wit and Dyk, *Bible and Transformation : The Promise of Intercultural Bible Reading*.

²⁸ Wit and Dyk, "Introduction", i *Bible and Transformation : The Promise of Intercultural Bible Reading*, 2-3.

²⁹ Fernando F. Segovia, "Intercultural Bible Reading as Transformation for Liberation: Intercultural Hermeneutics and Biblical Studies", i *Bible and Transformation : The Promise of Intercultural Bible Reading*. Edited by Hans de Wit and Janet Dyk, (Atlanta: SBL Press, 2015), 26.

³⁰ Ibid., 21.

³¹ Ibid., 22.

objekt for forskning, og individets tolking satt i lys av den sin kontekst har blitt eit fokusområde innanfor akademien.

Denne oppgåva har sitt hovudfokus rundt den subjektive og kontekstuelle tolkinga av bibelteksten, og bibelteksten er dermed ikkje i fokus. Det ein prøver å komme fram til gjennom dette studiet er korleis kontekst og kultur er med på å farge måten menneske tolkar og brukar teksten på. I tillegg prøver oppgåva beskrive kva som skjer når forskjellige subjektive tolkingar møtes, og kva produktet av eit slikt møte kan være. Alt dette faller inn under den empiriske hermeneutikken, etter som det er den utradisjonelle, personlege og kontekst baserte tolkinga til subjektet som står i fokus. Prosjektet ønsker ikkje å komme fram til objektive sanningar rundt teksten, men forsøker å finne fram til nye subjektive sanningar som settar teksten i nytt lys og ny kontekst.

2.2.2 Den «vanlege» lesar

Hans de Wit skriver i boka *Through the Eyes of Another – Intercultural Reading of the Bible* at den «vanlege» lesar er den store majoriteten av bibellesarar.³² Denne gruppa av bibellesarar er ikkje ei homogen gruppe, men består av individ frå alle lag av samfunnet og alle årgangar. Den «vanlege» lesar er eit dynamisk og komplekst konsept som utgjer sjølv kjernen i dette prosjektet.

Den «vanlege» lesar kan vert forstått som eit *område* på lik linje som ein *holdning*.³³ *Området* er meint som den staden der effekten rundt det å lese ein bibeltekst kjem til uttrykk. Det er nå lesinga av bibelteksten får eit bestemt og etisk resultat, som for eksempel endra tankegong eller handlingsmønster. Den største andelen av dei som les bibelen eksisterer innanfor denne kategorien, og resultatet av denne forma for bibellesing kan enten vera livstappande og ekskluderande eller livgivande, frigjerande og bergande. Når det kjem til den «vanlege» lesar som *holdning*, så vert dette fatta som måten lesaren nærmar seg den bibelske teksten på. Kva status har teksten for lesaren, kva er deira forventingar til resultatet av tolkingprosessen? Kva spørsmål stiller dei til teksten? Kva resultat ønsker dei ut samhandlinga med teksten?

³² Hans de Wit, "Through the Eyes of Another: Objectives and Backgrounds", i *Through the Eyes of Another : Intercultural Reading of the Bible*. Edited by Hans de Wit, et al. (Elkhart, Ind.: Institute of Mennonite Studies, 2004), 5.

³³ Wit and Dyk, "Introduction", i *Bible and Transformation : The Promise of Intercultural Bible Reading*, 3-4.

I tillegg til dei to måtar å forstå den «vanlege» lesar på, så finnes det fire aspekt som kan vera med på å utdjupe konseptet³⁴:

Det første aspektet som kan vera med på å kaste lys over den «vanlege» lesar av bibelen er *den spirituelle dimensjonen*. Denne dimensjonen viser til at den «vanlege» lesar ikkje har ein historisk-kritisk tilnærming til teksten, men heller ein spirituell tilnærming. Den «vanlege» lesar kjem til bibelteksten i ein bestemt situasjon og leser Bibelen, som Guds ord, ut ifrå den. Lesinga bærer altså med seg ein erfaring og eit perspektiv i frå livet, som dei ønsker et svar eller ei løysing på. Lesaren nærmar seg altså teksten med ein intensjon og forventning, og det oppstår ein samhandling mellom teksten og den som les. Den «vanlege» lesar ser på bibelen som ein spirituell, livgivande og kraftfull resurs, og dei kjem til teksten for å få tak i denne livgivande krafta.

Det andre aspektet er *den «vanlege» lesar satt inn i ein hermeneutisk kontekst*. Den «vanlege» lesar fører ein lesing og tolking av teksten som kan seiast å vera førkritisk, spontan og naiv. Denne tilnærminga til teksten er ikkje negativ, tvert i mot så er det heilt nødvendig at teksten vert lest på ein slik måte etter som ein tekst alltid forsøker å skape noko nytt i lesaren. Den «vanlege» lesar kan seiast å ha ein eksistensiell lesing av bibelen, noko som inneberer eit fokus rundt tileigning av teksten. Dette stå i sterk kontrast til den akademiske tilnærminga som går ut ifrå ein historisk-kritisk tilnærming til teksten. I den eksistensielle lesinga vert den historiske bakgrunnen til teksten erstatta med ein ny lesing som består av den umiddelbare situasjonen til den «vanlege» lesar. Denne forma for hermeneutisk tilnærming av den «vanlege» lesar er med på å gjera tydinga rundt teksten rikare, og teksten opnar seg på den måten for framtidig utvikling frå nye lesarar.

Det tredje aspektet er *den «vanlege lesar i forhold til eksegese*. Det eksisterer eit gap mellom eksegese og den «vanlege» lesar. Eksegese vert ofte tolka som ein fasit rundt korleis ein tekst skal verta tolka, og den spontane tolkinga frå den «vanlege» lesar vert ofte underordna i forhold til den. Problemet her oppstår når den «vanlege» lesar kjem med ein kontekst som står utanfor den vestlege tolkingsramma som eksegesen oppheld seg innanfor. Den vestlege eksegesen tar ikkje hensyn hermeneutikk rundt for eksempel frigjeringsteologi og svart teologi. Dette har sitt grunnlag i at det ligger langt frå konteksten den eksisterer i. Inn i denne situasjonen fungerer den «vanlege» lesar som ein desentraliserande og dekolonialiserande

³⁴ Ibid., 6-19.

kraft. Dette setter fokus på at teksten alltid må verta ekseget *av* og ikkje *for* dei den omhandlar. Dersom eksegesen stenger den «vanlege» lesar ute, kan ein faktisk snakke om ein fattiggjering av teksten. Dette viser til at det er naudsynt med ein interaksjon mellom eksegesen og den «vanlege» lesar, etter som dette gjer teksten rikare og fører til ein meir heilskapleg forståing av teksten og moglegheitene den bærer med seg.

Det siste aspektet er den «vanlege» lesar som ein metafor. Dette aspektet går ut på at den «vanlege» lesar vert ein metafor for den som er best skikka for å tolke den bibelske budskapen. Denne tanken bygger på ein hermeneutisk modell rundt kombinasjonen av tillit og mistru. Mistrua er knytt til korleis andre les bibelen, og tillita er knyt til den «vanlege» lesar som metafor. Ut ifrå denne modellen vert den «vanlege» lesar ein privilegert lesar, som er den einaste som kan tolke bibelen. Det er ein fare med å forstå den «vanlege» lesar som metafor, etter som det ekskluderer og avgrensar omgrepet og den sin tyding.

2.2.3 Møte med “den andre”

Når det kjem til møte med «den andre» er det ikkje berre måten ein lesar bibelen på som spiller ein rolle, men også det konkrete opplevde fellesskapet som ein lesar og erfarer bibelen i. Menneske lesar bibelen inn i forskjellige sosiale, kulturelle og teologiske samanhengar, og meir enn ofte vert den lest i ein kontekst der fleire menneske er samla. Dette kan vera samlingar slik som ein gjer det i Den Norske Kyrkja, i bedehuset eller i små bibelgrupper og husfellesskap. Dei små fellesskapa vert beskrive av Knut Holter professor ved VID avdeling Stavanger som særst viktige for den enkelte bibellesar.³⁵ I desse gruppene vert horisonten til den individuelle lesar utvida og det vert tilført ny lesarerfaring i møte med dei andre i gruppa. Inn mot dette skriver Taggart E. Wolverton at ein karakteristikk av ein slik kommunal lesing er at den opnar for ein tolkingsprosess på ein slik måte at andre stemmer får komme til. På den måten endrar det som normalt er ein individuell prosess rundt det å konstruerer tydingar seg i møte med andre individ.³⁶ Dette kaster eit interessant perspektiv over denne oppgåva etter som det ut ifrå eit slik gruppeoppsett vert danna ein felles tolking frå gruppene som viser til einskap men som samtidig tar vare på den individuelle egedomen kvart individ føler. Dette

³⁵ Knut Holter, "«Den Andre Leseren» Som Tolkningsmessig Inspirasjon Og Korrektiv," *Norsk Tidsskrift for Misjonsvitenskap* 73, no. 2 (2019): 6.

³⁶ Wolverton, *An Intimate Revelation : Intercultural Bible Reading with Adolescents*, 122.

skapar ein moglegheit for ny kunnskap og innsikt, til og med før prosessen rundt den interkulturelle bibellesinga starter.

Sjølv om prosessen rundt det å lese bibelen i grupper kan vera ei kjelde til ny innsikt og kunnskap. Så fortseter Holter med å skrive at denne typen grupper ofte rekrutterer sine medlem innanfor sin eigen sosiale og kulturelle kontekst.³⁷ Som eit resultat av dette kan slike grupper ofte låse seg i ei stadfesting av kvarandre og gruppa sine tankar og meiningar. Dette er noko som kan fjerne dei bibelske tekstane sin utfordrande natur, og som igjen kan hindre utviklinga av tankar og tydingar inn i gruppa. Det er her møte med «den andre», med sitt fokus på det sosiale og religiøse endringspotensialet som eksisterer i interkulturell bibellesing, kjem inn som ei løysing på problemet³⁸

Når deltakarane i dette prosjektet møter «den andre» gjennom dette prosjektet vil ulike geografiske kulturelle og sosiale samanhengar møte kvarandre gjennom lesinga av bibelteksten. Dette skaper ei utviding av teksten sit meningspotensialet, etter som den vert satt inn i livssituasjonar som er fjerne og ukjente. Håpet i dette møte med «den andre» er at dette møtet skal opplevast som ein moglegheit til å utvikle ei djupare tru og bibelforståing.³⁹ Dette med å sjå at ulik kulturell og sosial bagasje gir moglegheit for ulik vektlegging inn mot tekster og tolkingar vert då, i følge Holter, opplevd som frigjerande. «Den andre» kan på den måten verta ein tolkingsmessig inspirasjon og korrektiv i forhold til vår eigen og meir umiddelbare lesing av bibelen.

2.2.4 Transformasjon i lys av interkulturell bibellesing

Det å lese bibelen er av ein handlande natur, dette tyder at det alltid skjer noko når ein les bibelen.⁴⁰ Effekten av det å lese bibelen kan også verta beskrive som umiddelbar, radikal og endeleg, og på mange måtar oppfører bibelteksten seg som ei talehandling. Den tvinger tilhøyraren til å tenke og handle. Ein kan på mange måtar seie at det å lese bibelen, er på eit fundamentalt nivå, transformativt.⁴¹

³⁷ Holter, "«Den Andre Leseren» Som Tolkningsmessig Inspirasjon Og Korrektiv," 6.

³⁸ Ibid., 7.

³⁹ Ibid., 13.

⁴⁰ Hans de Wit, "Bible and Transformation: The Many Faces of Transformation", i *Bible and Transformation : The Promise of Intercultural Bible Reading*. Edited by Hans de Wit and Janet Dyk, (Atlanta: SBL Press, 2015), 55.

⁴¹ Ibid., 57.

Inn i denne oppgåva har ordet *transformasjon* allereie vorte nemnt fleire gongar. Ordet *transformasjon* vert i denne oppgåva brukt rundt utviklinga som skjer gjennom den interkulturelle bibellesinga, og målet med transformasjonen inn mot denne oppgåva er å komme fram til ein produktiv dialog som kan føre til ei ny forståing av teksten. Denne nye forståinga vert ofte kalla for ein *transformert lesing* av teksten.⁴² Denne *transformerte lesinga* går ut på at ein kan legge merke til ein struktur og eit hierarki i forskjellane rundt korleis ein lesar bibelen. Når forskjellane i strukturen og hierarkiet vert gjort klart gjennom den interkulturelle lesinga av bibelen og ein dialog rundt teksten oppstår, så kan ein føre ein kreativ og konstruktiv prosess rundt mangfaldet av tolkingar. Denne prosessen ser forbi dei radikale forskjellane i tolking, og bygger mot ei ny felles og allmenn lesing av bibelteksten. Transformasjonen som oppstår ynskjer å minimere brytinga som oppstår mellom forskjellige tolkingar av teksten, for så å danne ein felles økumenisk eining som bygger vidare på forskjellane som oppstår i møte med teksten. Den interkulturelle bibellesinga søker å vise til korleis mangfald og konfrontasjon kan føre til ein transformasjon hos lesaren. Ein transformasjon som kan kaste nytt lys på gamle tekstar.⁴³

Det er viktig å ha i tankane at transformasjon ikkje er noko som skjer automatisk i prosessen rundt interkulturell bibellesing. Sjølve prosessen er uregelmessig og vanskeleg å gjennomføre, og det er langt i frå sjølv sagt at deltakarane i eit slikt prosjekt vil oppleve ein transformasjon.⁴⁴ Ein kan seie at transformasjon inn mot dette prosjektet bygger på eit spekulativt grunnlag med eit «håp rundt effekt» heller enn eit fast empirisk grunnlag.⁴⁵

2.2.5 *Åndeleg vekst i lys av interkulturell bibellesing*

Det å måle åndeleg vekst kan seiast å vera ei umogleg oppgåve, og med dette som grunnlag er det gjort svært få forsøk på å systematisere og kartlegge ein slik vekst.⁴⁶ Dette bygger på at åndeleg vekst er eit system av intrikate og komplekse system som i tillegg har ei rekke med kognitive, emosjonelle, åtferdsmessige, mellommenneskelege og psykologiske dimensjonar.

⁴² Segovia, "Intercultural Bible Reading as Transformation for Liberation: Intercultural Hermeneutics and Biblical Studies", i *Bible and Transformation : The Promise of Intercultural Bible Reading*, 38.

⁴³ Ibid., 39.

⁴⁴ Wit, "Through the Eyes of Another: Objectives and Backgrounds" i *Through the Eyes of Another : Intercultural Reading of the Bible*, 30.

⁴⁵ Wit, "Bible and Transformation: The Many Faces of Transformation", i *Bible and Transformation : The Promise of Intercultural Bible Reading*, 62.

⁴⁶ Wolverton, *An Intimate Revelation : Intercultural Bible Reading with Adolescents*, 35.

Desse dimensjonane er vanskelege å finne fram til og kan vera enda vanskeligare å identifisera.

Når det kjem til det å definere den kristne åndelege veksten spesielt, har det vært vanleg å bruke Bibelen sine eigen bilete rundt dette. Det er i følgje Wolverton to hovudbileter på åndeleg vekst i det Nye Testamentet.⁴⁷

Den første bibelske metaforen går ut på tanken rundt landbruksvekst som eit bilete på åndelege vekst. Denne metaforen gjev eit bilete av åndeleg vekst som eit frø som vert planta i jorda og som gjennom ein fysisk utvikling oppnår ein eksponentiell grøde som ikkje kan målast med utgangspunktet. Implisitt i denne metaforen ligg det ein tanke rundt hardt arbeid med jorda for å oppnå ein stor grøde frå eit lite frø, og at det ikkje er opp til oss menneske om frøet spirer eller ikkje. Tanken er altså at ein som menneske kan legge godt til rette for god åndeleg vekst og at det er ein naturleg prosess som byrjar i det små, men som ender opp med å produsere eit rikt resultat.

Den andre bibelske metaforen går ut frå biletet av eit born som veks opp og vert modent. Denne forma for modning viser ikkje berre til ein fysisk modning men også ein psykisk modning. Biletet koplår åndeleg vekst direkte opp med reisa eit born føretar seg der det går frå å vera avhengig og hjelpelaust til fullkommen modnad. Implisitt i denne metaforen ligg ein lang og saktegåande prosess som har fleire stadier i seg og sjølv om ein er fullt ut moden så er ein alltid i endring.

Ut ifrå desse to bibelske metaforane trekker Wolverton ut tre karaktertrekk som beskriver åndeleg vekst slik som det vert vist i det Nye Testamentet.⁴⁸ Det første av desse tre karaktertrekka bygger på at det er Gud som er krafta bak prosessen som utgjer åndeleg vekst. Vi menneske kan altså berre legge til rette for åndeleg vekst, mens det er Gud som skaper sjølv endringa i oss. Det andre karaktertrekket er at all åndeleg vekst har bære med seg ein karakter av venting. Åndeleg vekst tar tid, og ein leggje ikkje alltid merke til den endringa som skjer før ein ser tilbake på det i ettertid. Det tredje og siste karaktertrekket er at det ikkje finnes nokon spesielle evner som kan ta æra for åndeleg vekst, og at det er ein sjølv som eit kristent individ som har ansvar for vår eigen åndeleg vekst. Gjennom det å skape kontaktflater med Gud, leggja til rette for eit godt forhold og samstundes ha sjølvdisiplin, kan ein legge til

⁴⁷ Ibid., 37-38.

⁴⁸ Ibid., 38-39.

rette for at Gud får handlerom inn i våre liv. Ut ifrå dette handlerommet står me klare til å ta i mot den åndelege vekst som me vert tildelt.

I tillegg til å legge fram bibelsk forståing av åndeleg vekst, viser Wolverton til konkrete teikn på åndelege vekst gjennom sitt arbeid rundt interkulturell bibblesing med ungdom. Gjennom arbeidet vart det tydeleg at åndeleg vekst var til stades sjølv om deltakarane sjølv ikkje klarte å sjå det.⁴⁹ Desse konkrete teikna kan verta til nytte når ein ut i frå det empiriske materialet i denne oppgåva skal trekke ein slutning rundt om dette prosjektet har klart å legge til rette for åndeleg vekst blant sine deltakarar.

Gjennom prosjektet til Wolverton vart ungdommane observante på bibelen sine mange stemmer, og korleis den taler ulikt til forskjellige kulturar og i forskjellige situasjonar.⁵⁰ Ein annan indikasjon på åndeleg vekst som kom til utrykke var måten deltakarane fekk innsikt i seg sjølv gjennom partnergruppa sine auger. Gjennom å lese andre sin forståing av ein sjølv kan ein lære noko om korleis ein sjølv relaterer til Gud, Bibelen og verden.⁵¹ Ein tredje indikasjon på åndeleg vekst er ein auka evne til å kunne sjå bibelteksten frå «den andre» sitt perspektiv, for så å kunne bruke denne evna inn mot den interkulturelle bibellesinga i eit forsøk på å forstå kvifor ein les Bibelen ulikt.⁵² Den fjerne og siste indikasjonen, presentert av Wolverton, går ut på evna til å utvikle ein medfølande forståing og identifisering med «den andre» og deira perspektiv.⁵³

Til slutt i dette delkapitelet er det verdt å nemne at åndeleg vekst, på lik linje med transformasjon, er spekulativt. Den åndelege veksta har ikkje sitt grunnlag i teori, men kan antydast og beskrivast ut ifrå det empiriske materialet.

2.3 Teori rundt Kultur

Prosjektet rundt interkulturell bibellesing vil ikkje berre ha sitt grunnlag i teologiske disipliner, men vil også bevege seg inn på sosiologi og kulturelle studiar. Som eit grunnlag for å forstå den sosiologiske og kulturelle utvekslinga som skjer mellom dei to gruppene i dette prosjektet, vil eg nytta Geert Hofstede sine fem kulturelle dimensjonar slik som dei vert

⁴⁹ Ibid., 121.

⁵⁰ Ibid., 127.

⁵¹ Ibid., 128.

⁵² Ibid., 130.

⁵³ Ibid., 133.

presentert i boka *Cultures and Organizations, Software of the Mind – Intercultural Cooperation and Its Importance for Survival*.

2.3.1 Geert Hofstede sine fem kulturelle dimensjonar

Kultur kan seiast å vera ein kjernekomponent som er svært viktig å kunne identifisera og forstå, når det kjem til interkulturell bibellesing. Kultur er på mange måtar ein skjult mekanisme som alle menneske bruker for å forstå verda rundt seg, men som dei fleste ikkje har ein forståing rundt. Kultur er ei linse som menneske prosesserar verda, idear og si tyding av kva som er «normalt» gjennom, og det er sjølve bærebjelken i den interkulturelle bibellesingsprosessen.⁵⁴ Geert Hofstede viser til dette ved å forklare at alle menneske bærer med seg eit system av tankar, følelsar og potensiell handling som er tillært gjennom eit heilt liv med assimilering og læring.⁵⁵ Gjennom fem kulturelle dimensjonar viser Hofstede til ei rekke med mønster innanfor kultur som er med på å identifisere og beskrive korleis menneske tilpassar sin respons på bestemte stimuli. Ut ifrå desse fem dimensjonane, som vi nå skal sjå nærare på, vil eg i kapitel 2.3.2 beskrive dei to kulturane som deltar inn i dette prosjektet.

Den første av Hofstede sine fem dimensjonar vert kalla for *Maktdistanse*. Denne dimensjonen går ut på at ulike nasjonar kan verta differensiert frå kvarandre ved å sjå på korleis menneske stiller seg til ulikskap i samfunnet dei lever i.⁵⁶ Dersom ein skal beskrive maktdistanse så kan ein seie at det handlar om avhengigheits-relasjonar. I land med lav maktdistanse er det for eksempel lav avhengigheit mellom ein arbeidar og den sin sjef, og ein arbeidar vil lett kunne kritisere sjefen sin direkte. I land med høg maktdistanse er arbeidarane avhengig av sjefen sin, og dei vil ikkje fritt kunne nærma seg sjefen sin direkte.⁵⁷ Med dette som grunnlag kan maktdistanse verte definert som til kva lengd eit individ med lita makt i ein institusjon og organisasjon forventer og aksepterer korleis makt er fordelt. *Institusjonen* her er dei grunnleggjande elementa i samfunnet, som for eksempel familie, skule og samfunn, mens *organisasjonane* er der ein arbeider.

⁵⁴ Ibid., 29.

⁵⁵ Ibid., 29-30.

⁵⁶ Geert H. Hofstede, Gert Jan Hofstede, and Michael Minkov, *Cultures and Organizations : Software of the Mind : Intercultural Cooperation and Its Importance for Survival*, 3rd ed. (New York: McGraw-Hill, 2010), 55.

⁵⁷ Ibid., 61.

Den andre av Hofstede sine fem dimensjonar vert kalla for *Individualistisk vs. Kollektivistisk samfunn*. Størstedelen av alle menneske i verda lever i samfunn der gruppa sin interesse vinn over individets interesse. Denne forma for samfunn vert kalla for eit kollektivistisk samfunn. I slike samfunn veks barn opp i ein *utvida familie* som ofte består av meir enn berre foreldre og barn, og i slike familiar lærer dei å tenke at dei er del av ei *kjernegruppe*. Denne kjernegruppa er den største kjelda til identitet, og fungerer som beskyttelse og sikkerheit ovanfor livets harde motbakkar. Med dette som grunnlag skulder man ein livslang lojalitet ovanfor kjernegruppa, og det å bryte denne lojaliteten er noko av det verste eit individ kan gjera.⁵⁸ I kontrast til det kollektivistiske samfunnet står det individualistiske samfunnet. Her står interessa til individet over interessa til gruppa. Slike samfunn er ofte bygd opp av kjernefamiliar som består av foreldre med tilhøyrande born. Barn frå slike samfunn lærer å tenke på seg sjølv som individ og ikkje som ein del av ein større eining, og deira individualitet vert klassifiser ut ifrå deira karakter som autonome individ.

Med bakgrunn i avsnittet over kan ein definere Hofstedes andre dimensjon slik⁵⁹:

Individualisme omhandlar samfunn der tilknytninga mellom individ er svak, og i slike samfunn er det forventa at individet tek vare på seg sjølv og sine næraste. Kollektivisme viser til at individ vert født inn i og integrert i ei sterk kjernegruppe som gjennom livet vernar individet i bytte mot uomstridd lojalitet.

Den tredje av Hofstede sine fem dimensjonar vert kalla for *Feminin vs. Maskulin kultur*. Det er viktig å markere i byrjinga av dette avsnittet at orda *feminin* og *maskulin* inn i denne konteksten vert brukt til å forklare sosiale og kulturelle roller, og orda vert dermed ikkje brukt for å referere til biologisk kjønn. I forskjellige samfunn er det ulike tilnærmingar til kva åtferd som høyrer til kjønna, og det er dette den tredje dimensjonen ønsker å beskrive.⁶⁰ Denne dimensjonen prøver å beskrive det ein kan kalle for kjønnsroller inn i eit samfunn, og går ut i frå kva rolle dei forskjellige kjønna spelar inn i samfunnet. I mange samfunn vert mannen plassert utanfor heimen, og står i kampen om å livnære familien økonomisk og tryggleiksmessig. Inn i dette står mannen i ei rolle som påståeleg, konkurransedyktig og sterk, noko som vert overført til maskuline trekk. På den andre sida står kvinna som husets overhovud, og som ansvarleg når det kjem til born og det sosiale livet. Kvinna inntar her ei

⁵⁸ Ibid., 90-91.

⁵⁹ Ibid., 92.

⁶⁰ Ibid., 137.

mjukare rolle enn mannen, noko som vert overført til meir feminine trekk.⁶¹ Det er derimot ikkje sjølvstøtt i alle kulturar at menn normativt oppheld seg innanfor dei maskuline trekka og kvinner innanfor dei feminine trekka. Ut i frå dette kan ein definere Hofstede sin tredje dimensjon på denne måten⁶²: Eit samfunn vert kalla for *maskulint* når emosjonelle kjønnsroller er tydeleg klargjort. Det vil sei at menn skal vera påståelege, sterke og fokuserte på materiell suksess, mens kvinner skal vera tilbakehaldne, følsame og først og fremst opptatt av livskvalitet. Eit samfunn vert kalla for *feminint* når dei emosjonelle kjønna overlappar. Det vil sei at menn og kvinner på lik linje skal vera tilbakehaldne, følsam og opptatt av livskvalitet.

Den fjerde av Hofstede sine fem dimensjonar vert kalla for *Usikkerheitsdistanse*. Denne dimensjonen beskriver korleis samfunn tolerer ambiguitet og reagerer på uføreseielege situasjonar.⁶³ På lik linje med dei andre dimensjonane så er forholdet til ambiguitet og uføreseielege situasjonar noko som individet lærer frå samfunnet, og det heile bygger på korleis samfunnet held seg til normer og lovar. I eit land med lav usikkerheitsdistanse vil individa ha ein lav forventning til at for eksempel tog kjem på tida og at folk held seg til normative reglar i samfunnet. Til motsetning har individ i land med høy usikkerheitsdistanse ei forventning til at samfunnet opererer ut i frå dei normer og reglar som er fastsette. I slike land vil toga alltid komme på tida og ein kan forvente at folk held seg idealistisk til dei lovane og reglane som er sett i samfunnet. Usikkerheitsdistanse kan på den måten definerast som til kva lengd eit individ i eit samfunn kan gå før det føler seg truga av ambiguitet og uføreseielege og ukjente situasjonar.⁶⁴

Den femte og siste av Hofstede sine fem dimensjonar vert kalla for *Langsiktig vs. Kortsiktig framtidsoverretning*. Denne dimensjonen går ut på korleis eit samfunn orienterer seg når det kjem til resultat.⁶⁵ I eit land med ein langsiktig framtidsoverretning vert uthalde og sparsemd dydar som ein byggjar på. I slike land vert prosjekt laga i forhold til langsiktige mål, og det er korleis prosjektet utviklar seg til vinning over lengre tid som er viktig. I eit land med kortsiktig framtidsoverretning vert stabilitet og tradisjon dydane ein byggjar på. I slike land vert prosjekt laga ut ifrå kortsiktige mål, og det er vinninga her og nå som er viktig. Med dette

⁶¹ Ibid., 138.

⁶² Ibid., 140.

⁶³ Ibid., 189.

⁶⁴ Ibid., 191.

⁶⁵ Ibid., 239.

i tankane kan den femte dimensjonen definerast slik: Langsiktig framtidsorientering er fostringa av dydar som har eit fokus på langsiktigheit. Slike dydar er uthalde og sparsemd. Til motsetnad står kortsiktig framtidsorientering for fostringa av dydar som er knytt til fortid og nåtid. Slike dydar er respekt for tradisjon, vern av ære og fullbyrding av sosiale forplikting.

2.3.2 Kulturell beskriving av Noreg og Filippinene

Under dette delkapitelet vil eg samanlikna Noreg og Filippinene i lys av Hofstede sin fem kulturelle dimensjonar. Under kvar av dei fem dimensjonane har landa fått tildelt ein poengsum som reflekterer landets sitt tilhøve til den gjevne dimensjonen. Poengsummen til dei respektive landa er presentert grafisk i *Vedlegg 1*.

Når det kjem til maktdistanse kan ein seie at Noreg og Filippinene står på kvar sin pol. Noreg skårar lavt på denne dimensjonen, med berre 31 poeng.⁶⁶ Dette viser at det norske samfunnet verdsetter individualisme og at hierarkiske strukturar berre vert brukt når det er god grunn for det. Når det kjem til maktstrukturar så er kontroll sterkt misslikt, og leiing skjer på eit uformelt nivå via direkte kontakt. Filippinene står i kontrast til Noreg med 94 poeng når det kjem til maktdistanse.⁶⁷ Dette viser at det Filippinske samfunnet er sterkt hierarkisk, og at alle har sin førehandsfastsette plass i samfunnet. Sentralisering av makt er populært, og det er forventa at ein leiar styrer som ein velvillig autokrat.

Når det kjem til individualisme vs. kollektivismen så skårar Noreg 69 poeng mens Filippinene står med 32 poeng.⁶⁸ Dette tydar at Noreg vert definert som eit individualistisk samfunn der det individuelle «sjølv» sine meiningar og verdiar står i sentrum, mens Filippinene vert sett på som eit kollektivistisk samfunn der ein livslang forplikting ovanfor slekt og familie er normen. I det kollektivistiske Filippinske samfunnet står lojalitet til kjernegruppa som overordna alt anna, og alle val ein tar vert tatt ut i frå det som er best for kjernegruppa. Dette står i sterk kontrast til det individualistiske norske samfunnet der individet er fullt ut autonomt, og alle val vert tatt ut i frå kva som til ei kvar tid er best for ein sjølv som individ.

⁶⁶ Insights Hofstede, "Country Comparison - Norway and the Philippines," Hentet 22.03.2021 frå <https://www.hofstede-insights.com/country-comparison/norway,the-philippines/>.

⁶⁷ Ibid.

⁶⁸ Ibid.

Når det kjem til feminin vs. maskulin kultur så skårar Noreg berre 8 poeng, og er dermed berre slått av Sverige i denne kategorien.⁶⁹ Dette tyder at Noreg er eit land som verdsetter dei mjuke aspekta i kulturen. Mjuke aspekt ved ein kultur kan vera ein vilje til å nå konsensus, avhengig samarbeid og sympati for dei som står lågare i samfunnet. Verdier som er viktige i det norske samfunn og som er eit resultat av ein feminin kultur er typisk det å vera miljøbevist og ein tanke rundt det å vera sosialt solidarisk med andre. Når det kjem til Filippinene, skårar dei 64 poeng i denne dimensjonen, og er dermed ein maskulin kultur.⁷⁰ I maskuline kulturar som Filippinene lever menneske i eit samfunn der arbeid er viktig, og ein skal vera handlingsdyktig og rådsnar. Slike samfunn er veldig konkurransedyktige med eit fokus på prestasjonsvurdering, og dei bygger på ein tanke rundt det at personlege eigenskapar er viktig.

Når det kjem til usikkerheitsdistanse så skårar Noreg 50 poeng.⁷¹ Det at Noreg skårar 50 poeng viser til at dei ikkje har ein preferanse når det kjem til denne dimensjonen, og at dei står nøytralt når det kjem til uføreseielege situasjonar. Filippinene skårar 44 poeng, og har på den måten ein lav preferanse når det kjem til uføreseielege situasjonar.⁷² Slike samfunn har ein avslappa holdning der praksis er viktigare enn prinsipp, og ein tolererer i større grad handlingar som fell utanfor norma i samfunnet. Tankar rundt tid i samfunn med låg usikkerheitsdistanse er meir avslappa enn i samfunn med høg usikkerheitsdistanse, noko som fører til at hardt arbeid berre vert gjennomført først og fremst berre når det vert heilt naudsynt. Presisjon og det å vera punktleg ligger ikkje naturleg i samfunnet, og innovasjon vert ikkje sett på som ein trussel.

Når det kjem til den siste dimensjonen, langsiktig vs. kortsiktig framtidsorientering, så skårar begge landa relativt lågt. Noreg skårar 35 poeng, mens Filippinene skårar 27 poeng.⁷³ I samfunn som skårar lågt i denne dimensjonen står normer over pragmatiske løysingar, og tradisjon står som ein viktig faktor når ein skal utføre prosjekt. Det at dei er normative i måten dei tenker på viser til ein sterk tanke rundt det å etablere absolutte sanningar, og fokuset ligg på rask og stor vinning over kortast mogleg tidsrom.

⁶⁹ Ibid.

⁷⁰ Ibid.

⁷¹ Ibid.

⁷² Ibid.

⁷³ Ibid.

3 Leserapporter

3.1 Biografi

I dette delkapitlet vil eg gje ein kort presentasjon av gruppene. Presentasjonen bygger på ein kort sjølvbiografi som begge gruppene fekk i oppgåve om å skrive ved første møte. All informasjon i denne oppgåva vil vera anonymisert og sensurert slik at gruppene ikkje kan identifiserast ut i frå informasjonen.

3.1.1 Norsk gruppe

Den norske gruppa i prosjektet kjem frå ein liten by på vestkysten av Noreg, der industri- og serviceyrker står sterk. Sjølve byen ligg langs E39 og har eige sjukehus knytt til kommunen. Gruppa består av fem par der alle individa er i 40-åra. Det er ei etnisk norsk gruppe der alle lever i ekteskap med felles born.

Gruppa er bygd opp av ein allereie eksisterande bibelgruppe som har eksistert i til saman 11 år. Gruppa vart starta etter som det var ei trong for å samlast rundt Bibel og bønn blant individa i gruppa. Når gruppa samlast er det vanleg at det skjer i heimen til ein av medlemmane i gruppa, og vertskapet går på rundgong i gruppa. Ved alle gruppemøter vert samlinga starta med eit felles måltid. Etter måltidet vert det lese i frå Bibelen før dei samtalar rundt teksten. Til slutt vert møtet avslutta med ei bøn. Bibelen dei les i under møta er Bibelselskapet sin bibelutgåve frå 2011, og ved nokon anledningar vert det supplert med innhald frå ein studiebibel. Alle i gruppa tilhøyrar den lutherske konfesjonen, og er aktive inn i Den Norske kyrkja og Indremisjonen.

Alle individa i gruppa er yrkesaktive, og fleire av gruppa sine medlemmar innehar verv i kyrkjelyden sin, og i andre kristne organisasjonar. På fritida bidrar dei aktivt inn i kyrkja og det lokale bedehuset sine aktivitetar, og dei er aktive i den lokale politikken og idretten. Til slutt skriv gruppa at dei er alle vakse opp med den kristne trua og har hatt den med seg gjennom heile livet.

3.1.2 Norsk filippinsk gruppe

Den filippinske gruppa består av individ som alle har budd i Noreg i meir enn 12 år. Dei er alle medlem av den katolske kristne kyrkja her i Noreg og på Filippinene, men dei påpeiker at det er noko forskjell i måten dei har vakse opp på. Eit av gruppa sine medlemmar har vakse opp med ein sterk tilknytning til den katolske trua, og har som eit resultat fylgt familien sin katolske praksis og religiøse tru gjennom opplæring ved katolsk barne- og ungdomsskole. Ein anna av gruppa sine medlemmar er født, døypt og har oppvakse opp innanfor den katolske trua. Men familien skifta konfesjon som eit resultat av ein gradvis konvertering av slekta til det som vert kalla for *Born Again Christians*. Gruppa seier at dei lever etter dei bibelske skriftene og at dei har eit spesielt fokus på at det berre finnes ein heilag og treeinig Gud. Den filippinske gruppa er klar over at det eksisterer forskjellar rundt bruk og praksis av trua innad i gruppa, men dei kommenterer at forskjellane er minimale og vert ikkje lagt merke til i kvardagen.

Gruppa består av tre medlemmar som alle er innanfor aldersspennet 35-37 år. Dei er alle etnisk filippinske, og dei bur alle i fellesskap i ein og same leilegheit. Bufellesskapet består av to søstre og ektefellen til den eine søstera samt tilhøyrande born. Alle medlemmane av gruppa er foreldre.

Denne gruppa er samla spesielt for dette prosjektet, og dei har sin møtestad i heimen der dei bur. Dei har normalt ikkje bibelgruppesamling som ein aktivitet, og sjølv om trua deira varierer i uttrykk så reknar dei seg sjølv som katolske kristne.

3.2 Rapport 1

Ved første rapport var oppsettet mitt til begge gruppene identisk. Dette er fordi at ein ved første møte ynskjer å danne eit felles grunnlag som begge gruppene skal bygge vidare på. Ved å stille dei same spørsmåla til begge gruppene dannar vi ein refleksjon rund kva som er likt og ulikt, noko som igjen kan føre til eit godt grunnlag for dialog. Spørsmåla i oppsettet til første møte er formulert slik at dei fordrar til eksistensielle svar framfor teologiske svar. Dette er gjort fordi ein i dette prosjektet ikkje ønsker å vise til kva gruppene sin teologiske tyding av teksten er, men heller korleis dei bruker teksten og kva følelsar og tankar som kjem opp i møte med den.

Dei første spørsmåla til det første møte vart formulert på ein måte som skulle få fram førsteintrykket av teksten. Det første gruppene gjer er å beskrive kva karakterar som kjem fram i teksten, kva dei legg spesielt merke til og om det er noko i teksten som forvirrar eller går imot etablerte tankar. Allereie frå det første spørsmålet vert det klart at gruppene har forskjellige fokus og tolking rundt teksten. Den filippinske gruppa trekker fram at dei legg spesielt merke til det store hatet den eldste broren har, og at dette er noko ingen familiemedlem bør går rundt og føle på. På den andre sida legg den norske gruppa spesielt merke til at farsfiguren i teksten viser kjærleik og tilgjeving ovanfor sin yngste son sjølv før han får uttrykt anger. Dei to gruppene har også forskjellig tilnærming til kva det er som forvirrar og/eller går imot etablerte tankar. Her trekker den norske gruppa fram at det er forskjell i overskrifta i Bibelselskapet sin omsetjing frå 2011, der titelen har gått frå «Den bortkomne sonen» til «Sonen som kom heim». Den filippinske gruppa tek her ein uforventa vending i det dei forklarar at teksten verker ufullstendig for dei. Grunnen til dette ligger i at faren i forteljinga innehar den kulturelle rollen til ei mor, i følgje filippinsk kultur. Dette gjer at dei savnar ein moderleg rolle inn i historia og teksten har på den måten ikkje så stor innverknad på dei som den kunne hatt.

Eit anna spørsmål som vart stilt for å få fram førsteintrykket av teksten var kva kjensler som kjem fram i møte med teksten. Her skriv den filippinske gruppa at deira katolske tru får teksten til å vekke ei kjensle av trøst og anger som igjen fører til Guds kjærleik og tilgjeving. Den norske gruppa er delvis eining med sin filippinske motpart, men fokuset her ligg meir på kjærleiken enn på trøst og anger. Den norske gruppa legg også til at teksten vekker ei kjensle av frustrasjon over den yngste sonen sine handlingar, og sympati for den eldste broren sitt sinne.

Etter førsteintrykket av teksten var etablert frå begge gruppene gjekk spørsmåla over til teksten sitt innhald. Her vart fokuset på kva tankar som oppstod i møte med historia sine karakterar. Når det kom til faren i historia var begge gruppene samde i at faren viser ein uendeleg stor kjærleik og nåde, men den norske gruppa legg til at faren kanskje var litt for snill med den yngste sonen sin og gav han litt for mykje fridom og ansvar.

Då den yngste sonen vart satt i fokus, gjekk dei to gruppene kvar sin veg i tanken rundt om han fortente det han fekk då han returnerte heim. Den filippinske gruppa viser til at den yngste sonen angrar og er klar til å vise det gjennom handling, og på den måten har han rett på Guds kongedømme og tilgjeving for sine syndar. Den norske gruppa går i motsett retning og

seier at den yngste sonen fortener på ingen måte det han har fått, men dei legger til at han heller ikkje forventar den tilgjevinga som han får.

Når det kjem til den eldste sonen så er begge gruppene samde i at han ikkje er urettferdig behandla, men trass i dette seier begge gruppene at dei forstår kvifor han vert sjalu. Den filippinske gruppa går til og med eit steg vidare og seier at kjensla av sjalusi er naturleg, spesielt når det omhandlar noko så personleg som det den eldste sonen får oppleve. Dei legg til at den eldste sonen ut ifrå historia må ha ofra seg for å vinne faren sin gunst, og at det er dette som skapar sjalusi.

For å fokusere samtalen i dei to gruppene inn mot denne oppgåva vart det stilt spørsmål rundt kva familierelasjonar og foreldreroller som kjem fram i teksten. Når det kjem til familierelasjonar i teksten er begge gruppene samde i at den talar om at Guds kjærleik er som foreldre sin kjærleik til sine born, og at foreldre ikkje kan la være å tilgi sine born. Sjølv om dei er samde i kva teksten viser til, så får det ulike utslag i dei to gruppene. Den filippinske gruppa flytter fokuset frå Guds faderlege kjærleik og over til korleis den eldste sonen er bunden av forventingar. Dette gjer igjen til at han vert sint når den yngste broren kjem på villspor. Den norske gruppa går i ein annan retning og flytter fokuset til spørsmålet rundt kor mange gongar ein skal tilgi som foreldre.

Når det kjem til spørsmålet rundt kva familieverdier ein kan finne i teksten viser begge gruppene til farens ubetinga kjærleik over for sine born. Den norske gruppa held fram sin refleksjon ved å seie at grensesetting er ein viktig dimensjon rundt det å vera foreldre, og at det verker som at faren i historia har satt ujamne grenser for dei to sønene. Dei konkluderer med at det kanskje var dette den eldste sonene reagerte på. Spørsmålet rundt familieverdier vart så ført vidare til eit spørsmål rundt kva gruppene tenker kjenneteiknar eit godt barn. Her skriv den filippinske gruppa at barn skal prøve og feile i livet, og at det er heilt naturleg. Dei viser vidare til at dersom eit barn lærer ved å akseptere sine feilsteg og angrar på dei, så er dette den største gleda foreldre kan ha. Den norske gruppa viser her til at respekt er ein grunnleggjande og fin eigenskap, og at barn skal følgje reglar og samstundes vera høflege og snille. Det dei to gruppene har til felles kan her vera ein tanke rundt at foreldre vil vera glade i sine born sjølv om dei ikkje alltid handlar rett ovanfor seg sjølv og andre.

Eit viktig spørsmål frå det første møte var spørsmålet rundt kor gruppene identifiserte seg i teksten og kvifor dei identifiserte seg sjølv akkurat der. Her skriv den norske gruppa at dei for

det meste identifiserer seg med den eldste sonen, men at dei til tider også kan identifisere seg med den yngste sonen som feilar for så å verta mottatt med kjerleik og nåde. Den filippinske gruppa skriv her at dei også identifiserer seg med den eldste sonen, og at dette har sitt grunnlag i den filippinske kulturen. Dei skriv at den eldste sonen er forplikta til å gjera sine foreldre tilfreds, og at dette handlar om å ta ansvar for familie og slekt. Inn i denne refleksjonen ligg det altså ein tanke rundt det å ofre sine personlege ønsker for familien og slekta sitt beste. Til slutt under dette spørsmålet skriv dei at desse tankane kjem frå personlege livsforhold og erfaring, noko som vil seie at dei har personleg erfart situasjonen dei skildrar.

Mot slutten av det første møtet vart det stil spørsmål rundt kva hovudbodskapen i teksten var og korleis ein brukar teksten inn mot livet. Her skriv den filippinske gruppa at hovudbodskapen i denne teksten er at ein må vera ærleg og sann i møte med synd og anger, og at dette har si forklaring i at Gud sin nåde alltid er tilstade. Den norske gruppa skriv her at teksten kan tolkast som eit varsel mot at ein ikkje må vera slik som den yngste sonen, og at den store ubetinga kjærleiken som faren møter sonen sin med er lik den måten Gud møter oss menneske på. Når det kjem til bruken av teksten så skriv den norske gruppa at i praksis handlar det om å sjå det beste i andre, og at ein må gje nye sjansar til dei som trenger det. Den filippinske gruppa skriv at teksten viser til karakterar i det ekte livet, og at teksten fordrar til å tilgi synder. Heilt til slutt nyttar den filippinske gruppa anledninga til å nok ein gong presisere at dei savnar ein moderleg karakter i teksten og at teksten ikkje er fullstendig utan denne karakteren.

3.3 Rapport 2

Ved den andre rapporten fekk gruppene tildelt kvar sitt oppsett med ulike spørsmål som var formulert ut ifrå den første rapporten. Nok ein gong skulle gruppene lese bibelteksten, men denne gongen vart den lest i lys av partnergruppa sin rapport. Spørsmåla som vart utforma til dette andre møtet bar preg av hovudtematikken som kom fram i rapportane til dei to gruppene. I tillegg til dette vart spørsmåla formulert på ein måte som haldt samtalen bunden til temaet i denne oppgåva, nemleg familieverdier og foreldreroller.

Det første spørsmålet til andre møte omhandla det umiddelbare fyrsteintrykket gruppene fekk av å lese partnergruppa sin rapport frå det første møtet. Dette spørsmålet var felles for begge gruppene. Her vart hovudfokuset lagt på teologiske og kulturelle forskjellar, og om det

var noko som var uklart i møte med partnergruppa. Den norske gruppa trekker fram at det første dei legg merke til i møte med partnergruppa er den kulturelle forskjellen. Dei legg fram at tanken rundt den manglande «morsrolla» i teksten er ein ny tanke som dei la spesielt merke til. Ut over dette skriv den norske gruppa at dei ikkje legg merke til nokon spesielle teologiske forskjellar. Tross denne merknaden stiller den norske gruppa eit spørsmål rundt den teologiske tolkinga til partnergruppa og viser til eit seinare spørsmål (Spørsmål 2)⁷⁴, der dei trekker fram skriftemålet som ein årsak til denne tanken. Når den filippinske gruppa vert konfrontert med det første spørsmålet vel dei å fokuserer på likskapen mellom dei to gruppene. Dei er tilbakehaldne når det kjem til å beskrive forskjellane mellom dei to gruppene på eit kulturelt og teologisk nivå, og skriv at dei ikkje kjenner så godt til den norske kulturen sjølv om dei har bod i Noreg over lengre tid.

Vidare i rapporten vert den norske gruppa møtt med spørsmål som får dei til å reflekterer over hovudtematikken i partnergruppa sin rapport frå første møte. Det første spørsmålet som oppstår omhandlar den manglande «morsrolla» i teksten, og her vert kjønnsroller i teksten satt i fokus. Den norske gruppa skriv her at dei aldri har tenkt over kjønnsrollene i teksten, og at dette kan ha årsak i at faren vert sterkt identifisert med Gud. Dei legg også til at dei ser på teksten som ein likning som synar til Guds kjærleik og nåde, og at det er dette dei set i samband med teksten. Dei skriv vidare at «morsrolla» er viktig også inn i den norske kulturen, men at dei ikkje saknar denne foreldrerolla i møte med teksten. Dei konkluderer ved å skrive at sjølv om dette var eit nytt perspektiv så fører det ikkje til ei ny tyding av teksten.

Den norske gruppa vert, som tidlegare nemnt i dette delkapitelet, konfrontert med den filippinske gruppa sin tanke rundt handling som nødvendig inn mot tilgjeving av synder. Den norske gruppa skriv her at dei ikkje veit heilt om dei er samde med partnergruppa sin tankegong, og at dette skuldast at dei er usikre på kva en filippinske gruppa legg i ordet «handling». Når dei så vert konfrontert med det supplerande spørsmålet om det er forskjell på tilgjeving satt i eit foreldreperspektiv (dvs. forholdet mellom foreldre og born) i motsetning til eit guddommeleg perspektiv (dvs. forholdet mellom Gud og menneske), nemnar dei at «konsekvensar» er ein hovudforskjell, og at det er forskjell på å komme som ein angrande synder i motsetning til det å verta tatt i å gjera noko gale. Dei meiner at Gud alltid vil vise nåde og kjærleik til ein angrande syndar.

⁷⁴ Vedlegg 2

Den filippinske gruppa snakka i sin første rapport mykje om forventingar, då spesielt retta mot den eldste sonen. Dette syner ei forplikting og ei forventing knytt til familieverdiar i den filippinske kulturen, noko som får utslag i korleis dei les teksten. Når den norske gruppa vert konfrontert med dette perspektivet rundt teksten, er den første tanken dei har at dei ikkje kjenner seg igjen i dette i det heile. Dei går så vidare til å skildrar korleis den yngste sonen må ha hatt lite respekt for resten av familien sin, og at mangel på respekt går utover familierelasjonane. Her sette den norske gruppa fokus på at for dei så er respekt viktig for å kunne ha gode familierelasjonar. Når det kjem til den eldste sonen, så meiner den norske gruppa at den eldste sonen eigentleg ikkje har forventingar eller forpliktingar som ikkje gjelder også for den yngste sonen. Vidare vert det skrive at dei alltid har sett på den eldste sonen som sur, og at han burde ha vore glad for at broren kom heim. Dette nye perspektivet rundt forventing og forplikting bekreftar denne tanken hos den norske gruppa, etter som han burde vore ekstra glad over at den yngre sonen kom heim. Årsaka til dette er det nye perspektivet rundt at den eldste sonen har eit ekstra ansvar ovanfor familien, og børta vart berre enda større då den yngste sonen reiste.

Den filippinske gruppa vart i sin rapport møtt med spørsmål frå partnergruppa sin rapport frå første møte, på lik linje med den norske gruppa. Som det første spørsmålet, vart den filippinske gruppa presentert for partnergruppa sin tanke rundt det at faren tilgjev sin yngste son sjølv før han får vist anger. Til dette svarer dei at Guds kjærleik er umåteleg og uførtent, og at den yngste sonen vert tilgitt etter som faren veit at han kjem audmjukt for å vedkjenna seg sine manglar. Den filippinske gruppa seier at faren kjenner allereie sonen sin intensjon, og tar imot han med opne armar. Vidare trekk dei refleksjonen inn i sitt eige liv og seier at foreldre alltid ønsker det beste for borna sine, og at dersom borna går seg vil og vert usikre vil deira heimkomst alltid vera noko å feira. Den filippinske gruppa held fram denne refleksjonen ved å seie at dei har lært denne tankemåten frå sine foreldre, og at det er underliggjande at ein ikkje skal vera mjuk mot borna sine og at ein må vise dei kjærleik gjennom flittig disiplin. Dette bygger på ein tanke om at det er viktig å oppdra borna sine frå starten av slik at dei veks opp på ein måte som gjer at dei ikkje går seg vil.

Vidare i rapporten vart den filippinske gruppa spurt om å reflekter djupare rundt eit tema frå den første rapporten. Dette spørsmålet går ut ifrå tanken om handling som ein nødvendig faktor inn mot tilgjeving av synder, satt opp mot den norske gruppa sin refleksjon rundt det at faren tilgjev sonen sin før han rekker å seie og gjera noko som helst. Til dette hadde den

filippinske gruppa tre tankar. For det første meiner dei at den norske gruppa er svært presise i sine tankar rundt teksten. Etter dette supplementere dei tanken sin ved å seie at Guds tilgjeving er for alle uansett kven ein er og korleis ein ser ut. Guds kjærleik er på den måten ikkje spesielt retta mot den yngste sonen i denne teksten, men er retta mot alle på eit generelt plan. For det andre så er den filippinske gruppa heilt samde med partnergruppa i at faren syner kjærleik og nåde før den yngste sonen får uttykt anger. Dette har med at faren sin kjærleik og nåde er tilstade i den yngste sonen sitt liv sjølv før han bestemte seg for å reise heim att. Til slutt skriv den filippinske gruppa at resultatet av at den eldste sonen ikkje vart invitert med på festen, er eit eige segment i teksten som ikkje skildrar noko rundt tilgjeving inn i denne historia.

Den norske gruppa reflekterte i sin første rapport over at overskrifta på teksten var endra i deira bibel. Dette meiner dei er eit resultat av ei endring i fokus rundt teksten sitt innhald. Den filippinske gruppa på si side seier at dette ikkje nødvendigvis endrar fokuset i teksten, men at det kan vera med på å endre vår oppfatning av den yngste sonen. Dei held fram refleksjonen sin med å seie at når ein kalle den yngste sonen for «fortapt» så gir det oss eit bilete av den yngste sonen sine karaktertrekk og haldning. Dersom ein på den andre sida kallar han for «heimvendt» er dette med på å gje eit inntrykk av at sonen gjorde feil val med utgangspunkt i usikkerheit og mangel på rettleiing. Dei konkluderer denne tanken med å seie at fokuset i teksten ligg på Guds kjærleik og nåde, uansett kva tittel teksten har.

Den norske gruppa stiller i sin første rapport eit direkte spørsmål til teksten: «Er det slik at faren er litt for snill når han gir arven til sonen?». Til dette svare den filippinske gruppa at faren lett kan oppfatast som alt for snill, spesielt dersom ein ikkje kjenner til kvar dette valet kjem frå. Dei held fram refleksjonen med å skrive at faren har vore til stade under sonen sin oppvekst, og at han må ha sett korleis den yngste sonen har takla livssituasjonar på. Dette har igjen ført til at faren let sonen sin lære på den harde måten, og gir dermed i frå seg arva. Den filippinske gruppa synar her til at erfaring gjev den største læra, og at når ord ikkje når inn så er erfaring meir meningsfullt.

I rapporten sin skriv den norske gruppa at grensesetting er ein viktig del av det å være foreldre, og at faren kanskje hadde forskjellige grenser for dei to sønene. Kanskje var det dette som gjorde at den eldste sonen reagerte med sinne? Til dette svarer den filippinske gruppa at det for dei ikkje verker som om faren har sett ujamne grenser, men at han kanskje ikkje har etablert eit klart forhold til sine born. Dette fører igjen til at han vert misforstått som

urettferdig av sonen sin. Den filippinske gruppa vart så konfronterte med spørsmålet om det er ein forskjell på brødrene som gjer at faren set forskjellige grenser for dei. Til dette svarar dei at ut i frå personleg erfaring er det, for det meste, den eldste sonen som ber ansvaret for familien og han er bunden av ein forventning frå foreldra.

Til slutt i den andre rapporten fekk dei to gruppene stilt dei same spørsmåla. Desse spørsmåla omhandla kva familieverdiar ein finn i partnergruppa sin første rapport og om bibelteksten var ein god tekst når det kjem til å formidla kristne familieverdiar og foreldreroller. På det første spørsmålet svarer begge gruppene at dei har ganske like familieverdiar. Den norske gruppa utdjupar svaret sitt vidare med å seie at dei ser litt ulikt på foreldreroller i forhold til partnergruppa si. Dette meiner dei er fordi den norske gruppa ikkje treng å ta vare på familien på same måte som den filippinske gruppa, og dei ser på familien som ein ekstra støtte som ein kan klare seg utan. Den filippinske gruppa utdjupar på si side svaret sitt ved å seie at sjølv om familieverdiane og foreldrerolla er like i dei to gruppene så er anvendinga av desse rollene og verdiane annleis med grunnlag i kultur.

På det siste spørsmålet i den første rapporten svara den filippinske gruppa at teksten eignar seg godt til å formidle familieverdiar. Den norske gruppa på si side seier at dei aldri har tenkt på teksten på denne måten før, og at dei før berre har sett på teksten som ei likning. Dei konkluderer med at Guds kjærleik og nåde i denne teksten er eit godt førebilete for dei som foreldre.

3.4 Rapport 3

Den tredje og siste rapporten frå dei to gruppene skulle i utgangspunktet innehalde svar på eventuelle spørsmål som gruppene stilte kvarandre i tillegg til ein avsluttande del med nokre oppsummerande felles spørsmål. Etter som dei to gruppene ikkje hadde nokre direkte spørsmål til kvarandre vart eg nøydte til å lage nokre siste refleksjonsspørsmål for å knyta saman lause trådar og for å avslutte prosjektet på ein god måte.

Det første spørsmålet dei to gruppene vart konfronterte med i den tredje og siste rapporten var om dei følte seg forstått av partnergruppa si. Her skriv den norske gruppa eit kort men tydeleg svar der dei stadfeste at dei føler seg høyrte og forstått av partnergruppa. Den filippinske gruppa svarer her at dei føler seg teologisk lik den norske gruppa, og at partnergruppa har fått ein god forståing for deira bakgrunn og tolking av teksten. I tillegg til dette legg den

filippinske gruppa med ein utdjuping av temaet rundt den manglande «morsrolla» i teksten. Her skriver dei at dei kjem frå familiar der faren ikkje var til stades, og at mora på den måten hadde begge roller inn i husstanden.

Eit anna felles spørsmål som vart stilt i byrjinga av den siste rapporten handlar om måten dei to gruppene bygger ein sterk assosiasjon mellom faren i historia og Gud. Her var det stillt eit spørsmål rundt om denne sterke assosiasjonen kunne vera med på å avgrense perspektivet til den som tolkar teksten. Vidare vart spørsmålet utdjupa gjennom spørsmålet om ein kunne tolke bibelteksten ut i frå eit reint menneskeleg perspektiv. Her skriver den norske gruppa at det er heilt mogleg å lese teksten ut i frå eit reint menneskeleg perspektiv, men at ein les teksten inn i den samanhengen den oppheld seg i. Ut ifrå dette meiner den norske gruppa at det er vanskeleg å lese teksten med eit rent menneskeleg perspektiv. Den filippinske gruppa på si side seier at det ikkje er mogeleg å lese teksten ut i frå eit reint menneskeleg perspektiv, og at dette har sin grunn i at Bibelen vart skriven inn i si eiga tid. I tillegg til dette meiner den filippinske gruppa at ein treng åndeleg vegleiing og vekst for å kunne finne fram til den sanne tydinga av teksten og kva den ønsker å fortelja oss. Den filippinske gruppa legg også ved ein refleksjon rundt den sterke assosiasjonen mellom faren i historia og Gud. Dei skriver at denne sterke assosiasjonen kan vera med på å avgrense perspektiv rundt tolking av teksten, og at denne sterke assosiasjonane er litt av grunnen til at dei har gitt teksten den sterkt generaliserande budskapet «Gud er ein nådig far».

Vidare i rapporten vert den norske gruppa konfrontert med den filippinske tanken rundt det at foreldra står med eit ansvar i å rettleie borna. Kan faren i historia seiast å stå ansvarleg for den yngste sonen sine handlingar med bakgrunn i mangelfull rettleiing, og kan dette perspektivet rundt foreldre sitt ansvar ovanfor sine born gje oss eit nytt perspektiv rundt kven Gud er i relasjon til oss? Til dette svarer den norske gruppa at dei ikkje ser korleis faren har eit ansvar for den yngste sonen, og at rettleiing ikkje er ein garanti for at borna følgjar den retninga foreldra ønsker. Med bakgrunn i dette seier den norske gruppa at dei ikkje finn noko nytt perspektiv i teksten. Her sett dei denne tanken opp mot teksten og seier at ein ikkje kan gje Gud ansvar dersom ein går bort frå han. Til slutt under dette punktet vart det stillt spørsmål om Gud kan seiast å ha eit foreldreansvar ovanfor menneske. Her svarar den norske gruppa at Gud har teke eit foreldreansvar ovanfor menneske gjennom Jesu handlingar på krossen, men ein kan framleis ikkje seie at Gud har eit ansvar rundt våre val.

På same måte som den norske gruppa vart presentert med den filippinske tanken rundt foreldre sitt ansvar i å rettleie borna vart den filippinske gruppa presentert med tankar frå den norske gruppa. Den norske gruppa skriv at dei aldri har set på teksten i Lukas 15:11-32 som ein tekst som omtalar familieverdiar og foreldrerollar. Til denne tanken skriv den filippinske gruppa at, ikkje berre Lukas 15:11-32, men heile Bibelen er ei rettleiing for våre liv. På den måten er ikkje familieverdiar og foreldrerollar eit ukjent tema i denne bibelteksten. Dette har sin årsak i at kyrkjelyden dei går til på søndagar, har eit fokus rundt å anvende bibeltekstane inn i eige liv. Dei meiner at denne teksten viser oss korleis relasjonen mellom faren og sonen i historia burde være vårt utgangspunkt i livet. Faren klager ikkje når sonen ber om arva, han gav han arva og tok imot han igjen då han kom heim med sine feil og manglar. Vidare under dette punktet skriver den filippinske gruppa at bibeltekstane ikkje gjev oss klare svar rundt korleis ein skal leve liva våre, men at dei fungerer som rettleiing som ein må reflektere over. Dei rundar av denne refleksjonen med å seie at Gud har gitt oss ei gåve av visdom slik at vi kan finne fram til dei svara vi leiter etter gjennom Bibelen sine rettleiande skrifter.

Den filippinske gruppa vert også konfrontert med deira eigen tanke rundt det at «handling» er nødvendig i prosessen rundt det å verta tilgitt. Her lurar den norske gruppa om den filippinske gruppa refererer til skriftemålet. Til dette svarar den filippinske gruppa at skriftemålet vert praktisert ulikt av individ innad i gruppa, men at dei er samde i at anger dannar starten av ein tilgjevings-prosess. Dei skriver vidare at det å vise ekte anger for det ein har gjort galt, for så å halda seg til det som er rett, gjer oss verdig til å ta imot tilgjeving. Dei konkluderer denne tanken med å seie at skriftemålet er heilt nødvendig når det kjem til tilgjeving av synder. Dette bygger på ein tanke rundt at ein må erkjenne og akseptere at ein har synda for så å angre og akseptere konsekvensane.

Til slutt i den siste rapporten vart det stilt nokre avsluttande spørsmål rundt prosessen i prosjektet. Her vert det stilt spørsmål rundt kva deltakarane har lært gjennom den interkulturelle bibellesinga, og kva som har endra seg i måten dei tolkar bibelteksten på. Gruppene vart også spurd om prosjektet har utfordra dei og om det var noko med partnergruppa sin tolking dei ønska å ta med seg vidare i livet. Heilt til slutt vart deltakarane spurt om denne forma for prosjekt kan vera med på å bryte med fastlåste og normative lesingar av bibelen, og føre til at gamle tekstar får ny meining i møte med partnergruppa.

Den filippinske gruppa avsluttar sin siste rapport ved å skrive at prosjektet har vore med på å skape nye perspektiv rundt teksten i Lukas 15, og at det har oppstått nye spørsmål i møte med

partnergruppa sin refleksjon. Dei skriv at dei har fått ein større forståing rundt teksten, men at prosjektet ikkje har ført til ei endring i måten dei trur på. I tillegg til dette skriv den filippinske gruppa at prosjektet har ført til interne diskusjonar i gruppa som har gjort dei observante på at det er utfordrande å tolke og sette ord på eiga tru i møte med dei andre deltakarane i prosjektet. Den filippinske gruppa stiller seg til slutt positive til tanken rundt at denne forma for prosjekt kan bryte fastlåste og normative lesingar av bibelen. Eit døme på dette er når den norske gruppa stilte seg spørsmålet kvifor den heimvendte sonen ikkje vert stelt og vaska før han fekk på seg dei fine kleda. Dette får den filippinske gruppa til å konkludere sin rapport med ein tanke rundt at for kvar gong ein les den same teksten så veks det fram nye tankar og perspektiv som utviklar seg i møte med livet.

Den norske gruppa avsluttar sin siste rapport med å skrive at det har vore interessant å delta i dette prosjektet. Dei skriv at dei nå kan sjå tydeleg at kultur er med på å forme måten ein les og tolkar Bibelen på, og at det er heilt naturleg å ta med livet sitt inn i bibelteksten. Vidare skriv den norske gruppa at dei vart overraska over at partnergruppa sakna ei mor i forteljinga, noko som var ei heilt ny tanke for dei. Tross dette følte dei seg veldig like partnergruppa, noko som var ein overrasking i seg sjølv for dei. Til slutt konkluderer den norske gruppa med at likskapen mellom dei to gruppene kanskje har ført til at det ikkje er så mykje anna å ta med seg vidare i livet.

4 Analyse av empirisk materiale

I dette kappitelet vil eg analysere og reflektere over det empiriske materialet. Analysen og refleksjonen vil ha sitt utgangspunkt i teorien slik den framstår i kapittel 2 i denne oppgåva. For å kunne referere til sitat frå rapportane som dannar empirien i denne oppgåva, vil alle rapportane frå dei to gruppene vera lagt ved som vedlegg i slutten av denne oppgåva.

4.1 Familierelasjonar, -verdiar og foreldrerolle i teksten

For å kunne analysere og reflektere over det empiriske materialet med fokus på denne oppgåva sin hovudfokus, nemleg familieverdiar og foreldrerolle, vart det naturleg å dele innhaldet i rapportane inn i tre delar. Dei tre delane som reflekterer gruppene sine tankar rundt hovudkarakterane i teksten frå Lukas 15:11-32. Ut ifrå denne inndelinga vart det mogleg å sortere innhaldet i rapportane inn i hovudkategoriar som deretter let seg analysere med bakgrunn i teori. Alle hovudkategoriane som framstår i denne analysedelen har sitt utgangspunkt i hovudinndelinga som består av faren i historia, den eldste sonen og den yngste sonen.

4.1.1 Faren

Heilt i starten av den første rapporten visar den norske gruppa til at dei forstår kvifor faren i historia handlar slik han gjer ut ifrå eit foreldreperspektiv. Dei forstår at han i rolla som far ikkje kan la vera å tilgje sonen sin. Dette går igjen i heile prosjektet etter som dei held fast på eit fokus rundt det at faren tilgjev sonen sin sjølv før han får vist anger. Dette viser den store kjærleiken faren i historia har ovanfor sine born, og begge gruppene er samde i at barna er kjelda til den største gleda foreldre kan ha. Sjølv om borna trår feil i liva sine, så er ein som foreldre glade i dei uansett. Her kan ein allereie sjå tydeleg at begge gruppene finner fram til felles familieverdiar i møte med «den andre» og teksten.

Under første rapport vart gruppene konfrontert med ei rekke spørsmål som hadde som mål å vise til likskap og ulikskap mellom dei to gruppene. Eit av desse spørsmåla var kva som dannar grunnlaget for å vera ein god forelder med utgangspunkt i teksten. Her var begge gruppene samde i at kjærleik er det største grunnlaget til ein god forelder, men den norske gruppa supplerer med å føye til: «Me tenker at grensesetting er viktig som foreldre. For den yngste sonen ser me på ein måte ingen grenser. Kanskje har faren hatt tydelegare grenser til

den eldste sonen. Kan det vera desse grensene den eldste sonen ha kjent på?». ⁷⁵ Her legger den norske gruppa til ein verdi som er med på å danne grunnlaget for ein god forelder, nemleg «grensesetting». Dette henger saman med den filippinske gruppa sin tanke rundt at den eldste sonen står med eit større ansvar for familien enn det den yngste sonen har. Noko som me kjem tilbake til i kapitel 4.1.2.

Den filippinske gruppa forsett refleksjonen ved å vise til ein tanke rundt det at faren har vore til stade under sonen sin oppvekst og veit på den måten korleis sonen er og handlar inn i forskjellige livssituasjonar. Dei skriver i rapporten sin: «Erfaring er den beste forma for læring, og dei verste erfaringar gir den største læringa. Det vil alltid komme tider der våre ord som foreldre ikkje når fram, og det å la våre born erfare det ekte livet vert på den måten meiningsfult.» ⁷⁶ Gjennom denne refleksjonen forsøker den filippinske gruppa å vise til den kjærleiken faren har til sonen sin frå ei rein menneskeleg tilnærming til teksten. Her viser altså den filippinske gruppa til at gode foreldre lager rom for å byggje egen erfaring, og at ein ikkje skal vera redd for at borna gjer feil. Denne tanken vert forsterka når dei seinare skriv: «Barn er alltid bunden til å ville utforske, prøve og feile, og dette vil alltid føre til hjertesorg hos foreldra. Men etter som barna lærer, aksepterer sine feilsteg og angrar, så er dette den største gleda foreldre kan ha.» ⁷⁷

4.1.2 Den eldste sonen

Eit stort tema som kom til uttrykke gjennom rapportane var urettferdighet, og her var spesielt den eldste sonen i fokus. I følge den filippinske gruppa vart ikkje den eldste sonen urettferdig behandla. Dette etter som han har levd ved faren si side og har som eit resultat levd eit godt og trygt liv. Den norske gruppa er samde med den filippinske i dette. Ein interessant vending i refleksjonen under dette punktet er det at begge gruppene viser empati ovanfor den eldste sonen, og forstår kvifor han vart sint og sjalu. Dette på tross av at dei antyder at han ikkje har grunn til å føle det slik.

Den filippinske gruppa skriv at dei forstår at den eldste sonen er misnøgd og sjalu, og meiner dette har sitt opphav i at han ofrar si eiga interesse for å vinne faren sin gunst. Gruppa legg gjennom heile prosjektet eit sterkt fokus på at det er ei rekke med forventingar og plikter den

⁷⁵ Vedlegg 2

⁷⁶ Vedlegg 4

⁷⁷ Vedlegg 2

eldste sonen må forhalde seg til. Dette er ein tanke som den norske gruppa ikkje kjenner seg igjen i. Dei meiner den eldste sonen ikkje har nokre plikter som den yngste sonen ikkje har. Sjølv om dei ikkje kjenner seg igjen i denne tanken rundt plikt og forventing, så skriv dei: «Det å ta godt vare på familien er ein fin og god tanke. Sjølv sagt er me og opptekne av det. Men praksisen rundt denne omsorga er nok noko ulik i vår kultur.»⁷⁸ Denne tanken fører til eit nytt perspektiv for den norske gruppa: «Me har alltid sett på han [Den eldste sonen] som sur, og forventa at han skulle vera like glad som faren for at broren kom heim. I dette perspektivet burde han i allefall vera glad. Sidan han sit med eit ekstra ansvar for heile familien.»⁷⁹ Her får den norske gruppa eit nytt perspektiv på ein allereie eksisterande tanke, og teksten får ein ny nyanse i møte med partnergruppa sin refleksjon. Deira eigen forståing av teksten vert bekrefta av dei nye tankane rundt teksten.

Til slutt i refleksjonen rundt forventingar og plikter i relasjon til familien skriv den norske gruppa: «Trur familieverdiane er ganske like. Men dei ser annleis på familierollene. Dette handlar om korleis vårt samfunn er organisert. Me treng ikkje ta vare på familien på same måte som dei. Samfunnet vårt er lagt opp til at me skal klara å ta vare på oss sjølve. Familien er ei ekstra støtte, som ein kan klare seg utan.»⁸⁰ Den norske gruppa seier her at dei to gruppene har like familieverdiar, men ulik tanke rundt foreldrerolla. Her kan ein trekke ein parallell mellom den norske gruppa sin tanke rundt «grensesetting» og den filippinske tanken rundt forventing og plikt. Dette er verdiar som er ganske like i sin natur. «Grenser» kan seiast å vera ei rekke med verdiar og handlingar som det er forventa at ein opprettheld, noko som står i sterk likskap til «forventingar og plikt». Med dette som bakgrunn kan ein konkludere med å sei seg samde i den norske gruppa sitt utsegn. Dei to gruppene bærer med seg ganske like familieverdiar. Den einaste forskjellen er den kontekstuelle og kulturelle innpakkinga og språket ein bruker for å utrykke det.

Kva består så denne kulturelle innpakkinga av, og kva er det med denne som gjer at foreldrerollen vert oppfatta som ulik i møte med «den andre»? Det er tydeleg at Noreg og Filippinene kulturelt sett står på kvar sin pol når det kjem til foreldrerolle og ansvar i forhold til familien. Ein kan sei at hovudforskjellen kulturelt sett ligg på to hovudfaktorar, nemleg makttdistanse og kontrasten mellom individualistiske og kollektivistiske samfunn.

⁷⁸ Vedlegg 3

⁷⁹ Vedlegg 3

⁸⁰ Vedlegg 3

Som vi har sett i teoridelen i denne oppgåva, skårar Filippinene høgt på denne skalaen som viser til maktdistanse mens Noreg skårar lavt. I land som skårar høgt på maktdistanse er det forventa at barn lyder sine foreldre, og i nokre slike kulturar er det til og med eit hierarki innad i søskenflokket.⁸¹ I land som skårar lågt på maktdistanseskalaen vert barn behandla som jambyrdige. I slike kulturar er det verdsat at borna tenker sjølv, og det er tillat å sei imot sine foreldre.

Begge gruppene identifiserer seg med den eldste sonen i historia, men dei har ulike grunnar til det. Den filippinske gruppa skriv her: «Personleg så plasserer vi oss i den eldste sonen sine sko. Dersom ein følgjer kulturelle tankar, dette med å vera den eldste sonen, så er vi forplikta til å gjere våre foreldre tilfreds. Dette handlar om å ta det fulle ansvaret for familien, noko som inkluderer å ofre sine personlege ønsker.»⁸² Deira tanke er basert på livsforhold, dvs. at det er ein heilt ekte og aktuell situasjon i deira liv som dei kjenner på i kvardagen. Den filippinske gruppa har ei faktisk plikt til kjernegruppa si og det er ei forventning om at dei skal ta vare på kjernegruppa i alt dei gjer. Inn i denne samanhengen vert Noreg definert som eit individualistisk land, medan Filippinene vert sett på som eit kollektivistisk land. Grunnlaget for den filippinske tydinga av teksten er å finne i at barn frå kollektivistiske land veks opp med ei rekke av eldre, jamnaldrande og yngre individ, og dei lærer tidleg at dei høyrer til i ei hierarkisk kjernegruppe.⁸³ I ein slik familiestruktur eksisterer det ikkje personlege meiningar etter som kjernegruppa si meining overstyrer individet si meining. Lojalitet til kjernegruppa tydar også at alle resursar er felles, og at det er forventa at ein deltar i familien sine kulturelle ritar og aktivitetar.

Den norske gruppa har ein meir teologisk og biletleg tilnærming til teksten. Dei identifiserer seg med den eldste sonen med grunnlag i at dei alltid har høyrte til den kristne trua, og har på den måten alltid hatt det trygt og godt i livet.

Det er tydeleg at dei to kulturelle dimensjonane og forskjellane som dei skapar er med på å forme måten dei to gruppene tolkar teksten på. Det er stor forskjell i måten dei tenker rundt foreldreroller og relasjonar innad i familien, og gruppene sine erfaringar vert speila i deira lesing av teksten. Dette skapar stor variasjon i tolkingspotensialet i teksten noko som igjen

⁸¹ Hofstede, Hofstede, and Minkov, *Cultures and Organizations : Software of the Mind : Intercultural Cooperation and Its Importance for Survival*, 67.

⁸² Vedlegg 2

⁸³ Hofstede, Hofstede, and Minkov, *Cultures and Organizations : Software of the Mind : Intercultural Cooperation and Its Importance for Survival*, 106-12.

skapar ei kontaktflate mellom dei to gruppene som både utfordrar samstundes som det skaper eit potensiale for nye perspektiv rundt teksten.

4.1.3 *Den yngste sonen*

Etter kvart som prosjektet var gjennomført vart det klart at dei to gruppene ikkje fokuserte så mykje på den yngste sonen som forventa. Dei to gruppene har valgt å fokusere på dei to andre hovudkarakterane i teksten, og den yngste sonen kjem fram i rapportane som ein del av refleksjonen rundt faren i historia og den eldste sonen.

Det viktigaste perspektivet rundt den yngste sonen som kom fram i rapportane, var det at han ikkje fortener tilgjeving i følgje den norske gruppa, og at han heller ikkje aktivt søker tilgjeving for det han har gjort. Han mottar tilgjeving ufortent frå far sin sjølv før han har fått vist anger. Den filippinske gruppa er samde med den norske gruppa rundt at dette er eit viktig perspektiv i historia. Dei supplementerer tanken ved å skrive at dersom den yngste sonen verkeleg angrar og viser dette gjennom handling, så har han rett på tilgjeving for syndene sine.⁸⁴ Her har dei to gruppene den same tanken, men der resultatet av refleksjonen endar på forskjellig stad. Den norske gruppa viser til at sonen mottar tilgjeving og kjærleik frå far sin før han får vist anger, mens den filippinske gruppa har fokus på at sonen må visa anger gjennom handling før han kan ta imot tilgjeving. Desse to tolkingane er ikkje gjensidig utelukkande. Sonen viser anger gjennom handling ved å ta avgjerdsla om å reise heim og ta konsekvensane av sine handlingar. Samstundes vert han tatt imot med ubetinga kjærleik og tilgjeving som er fullstendig ufortent og uavhengig av hans handlingar. Ut ifrå dette kan ein seie at begge gruppene bygger opp mot eit felles tema i teksten. Dette tema kan verta formulert på denne måten: Guds kjærleik og nåde er til for den som vågar å ta eit oppgjær med sine synder gjennom å venda seg til han sjølv om dei ikkje fortener det.

4.1.4 *Den manglande foreldrerolla i teksten*

Gjennom rapportane vert det tidleg kjent at den filippinske gruppa saknar ein moderleg karakter inn i historia. Dei meiner at historia, med grunnlag i dette, verker ufullstendig og framand for dei. Gruppa skriver vidare at det var viktig for dei å få fram den moderelge rolla, og skriver i sin siste rapport: «Der vi taler om 'Morsrolla' i historia var viktig for vår gruppe å

⁸⁴ Vedlegg 2

få fram. Dette har sitt grunnlag i at vi kjem frå forskjellige familiar der faren ikkje alltid har vore til stades. Grunnen til at fedrane våre ikkje har vert til stades er at dei har reist for å arbeide slik at familien skal kunne overleve. På den måten spelar mora rollen til begge foreldra i heimen. Denne situasjonen vert reflektert i historia, og i ein filippinsk kulturell situasjon så ville det ha vore mora som tok imot ein son som hadde synda mot familien.»⁸⁵ Den filippinske gruppa skriver her at deira livssituasjon vert reflektert over på teksten, og er med på å forme tolkinga deira. Den norske gruppa legg også merke til dette, og dei forstår at forskjellen i kultur gjer at den filippinske gruppa føler at det manglar ein karakter. Sjølv savnar dei ikkje ei mordarleg foreldrerolle inn i historia, noko som kjem fram gjennom sitatet: «Me tenkte ikkje over det, har aldri sakna mora.»⁸⁶

Gjennom dette perspektivet vert begge gruppene bevist på ein kulturforskjell som skapar ein ulikskap i måten dei tolkar teksten på. Den norske gruppa held fram å reflektere over denne kulturforskjellen og skriv: «I vår kultur har mora ei viktig rolle, likevel saknar me ikkje mora i denne likninga.»⁸⁷ Tross denne klare forskjellen i tolking av teksten med bakgrunn i kultur, og at det heile var eit heilt nytt perspektiv for den norske gruppa, ser dei ikkje at dette gjev noko nytt inn i teksten si tyding.

Grunnlaget for denne kulturforskjellen er å finne i Hofstede sin 3. kulturdimensjon, feminin vs. maskulin kultur. Dette er, på lik linje med den 1. og den 2. dimensjonen, eit aspekt ved kultur der Noreg og Filippinene oppheld seg på kvar sin pol. Under denne dimensjonen vert Noreg rekna som ein feminin kultur, medan Filippinane vert rekna som ein maskulin kultur. Det at Noreg vert rekna som ein feminint kultur viser til ein tanke rundt det at begge foreldra har eit ansvar rundt dei mjuke aspekta i livet, det vil sei aspekt som følelsar, velvære og sosiale forhold.⁸⁸ I feminine kulturar er begge foreldra ansvarleg inn i det sosiale livet og oppdraging av born, og det er ein generell likestilling mellom kjønna utan klare definerte kjønnsroller i samfunnet. Filippinene som ein maskulin kultur viser til tanken rundt at det er klart definerte kjønnsroller i samfunnet. I slike samfunn skal faren inneha ei hard rolle som

⁸⁵ Vedlegg 6

⁸⁶ Vedlegg 3

⁸⁷ Vedlegg 3

⁸⁸ Hofstede, Hofstede, and Minkov, *Cultures and Organizations : Software of the Mind : Intercultural Cooperation and Its Importance for Survival*, 151-54.

bygger på fakta, mens mora skal inneha ei mjuk rolle som bygger på følelsar.⁸⁹ I maskuline samfunn står mora ofte eine og aleine med ansvar for det sosiale livet og oppdraging av born.

Ut ifrå denne kulturelle forskjellen mellom Noreg og Filippinene kan ein nå tydeleg sjå grunnlaget rundt dei forskjellige perspektiva på teksten. Den norske gruppa savnar ikkje morsrolla i teksten etter som ein far kan inneha ein rolle som inneberer ansvar for borna i det norske samfunnet. Den filippinske gruppa, på den andre sida, meiner at faren i teksten innehar ein rolle som mora normalt ville ha hatt i det filippinske samfunnet. Det at ein mann innehar ansvar for oppdraging er eit framand perspektiv som ikkje stemmer over eins med den filippinske kulturen, og på den måten vert ikkje teksten fullstendig for den filippinske gruppa.

4.2 Ansvar i familien

Gjennom rapportane til den filippinske gruppa vert det klart at det implisitt i teksten ligg ein tanke rundt at foreldre er skuldige når borna gjer dårlege val. Dette kjem fram som ein tanke rundt det at foreldre står ansvarlege i å rettleie borna sine, og at dårleg rettleiing leiar til usikkerheit og dårlege val hos borna.

Den filippinske gruppa skriv: «Men ved å holde seg til bibeltekstene og det vi har lært av våre foreldre sitt eksempel ovanfor oss så er det viktig å oppdra sine born frå starten av, slik at dei veks opp på ein måte som gjer at dei ikkje går seg vil. På den måten skal ein ikkje vera mjuke mot dei, men vise dei vår kjærleik gjennom flittig disiplin.»⁹⁰ Her ligger det altså eit stort ansvar på foreldra, etter som ein ut ifrå dette kan tolka det som om at foreldra står med ansvar når borna gjer feilgrep. Denne tanken verta bygd opp under ved at den filippinske gruppa skriv at den yngste sonen kan ha gjort feil val ut ifrå usikkerheit og mangel på rettleiing. Tanken rundt foreldre sitt ansvar ovanfor sine born vert vidare utvikla i rapportane til den filippinske gruppa. Det verker som dei legg eit trykk på at faren i historia står ansvarleg også for sinnet til den eldste sonen. Dette kjem fram i sitatet: «For oss så verker det ikkje som faren er urettferdig, men at han heller ikkje hadde etablert eit klart forhold til sine born. Dette gjer at han lett kan verta misforstått som urettferdig.»⁹¹ Faren står altså i følgje den filippinske gruppa ansvarleg for både den yngste sonen sine feil og den eldste sonen sitt sinne. Den norske gruppa reagerer på dette ved å skrive: «Me ser ikkje noko grunnlag for å tenkja denne

⁸⁹ Ibid.

⁹⁰ Vedlegg 4

⁹¹ Vedlegg 4

tanken. Me veit at barna kan ta avstand frå rettleiing som foreldre gir. Foreldre sin rettleiing er ingen garanti for at barnet følger den retninga foreldre vil. Me kan difor ikkje sjå at foreldre har ansvar for barna sine val.»⁹²

Nok ein gong kan ein refererer til det ulike forholdet til maktdistanse mellom dei to kulturane som eit grunnlag for ulik tolking av teksten. I eit samfunn med stor maktdistanse har ein stor respekt for sine eldre, og dei yngre individa skal ikkje sjølv erfare men heller støtte seg til erfaringar frå dei eldre.⁹³ Her kviler det altså eit stort ansvar på faren i historia ut ifrå den filippinske tolkinga. Dette har sitt grunnlag i at han er overhovudet i familien som dei andre skal bygge si erfaring i frå. Faren si rettleiing er essensiell inn mot sønene si erfaring, og det er forventa at dei skal lyde faren sin og ta til seg hans erfaring. I kulturar med liten maktdistanse er det verdsatt at individet eksperimenterer og byggjar si eiga erfaring. Det er i slike kulturar lov til å oppmoda til å utfordre og motsei sine eldre. Med grunnlag i dette kan ein forstå kvifor den norske gruppa ikkje ser noko grunnlag i den filippinske tankegangen.

4.3 Gruppene sin assosiasjon mellom faren i historia og Gud

Etter kvart som dei to gruppene jobbar seg gjennom teksten vert det meir og meir tydeleg at begge gruppene har ein sterk assosiasjon mellom faren i historia og Gud. I den første rapporten til begge gruppene vart det stilt spørsmål til kva tankar dei hadde rundt karakterane som kjem fram i teksten. Her verker det som om den sterke assosiasjonen mellom faren og Gud påverka tolkinga på ein negativ måte. Det verkar som om dei to gruppene ikkje klare å stille seg kritisk til faren i historia etter som det er ein karakter som er sterkt assosiert med Gud. Den filippinske gruppa gjentar igjen og igjen, som ein mantra, at faren er ein kjærleg og nådig far. Samstundes er den største kritikken av faren, som den norske gruppa kjem fram til, at han kanskje var litt for snill med den yngste sonen. I tillegg til dette kan ein tydeleg sjå at den norske gruppa si tolking har vore avgrensa av denne sterke assosiasjonen. Når dei får spørsmål knytt til kjønnsroller i teksten og mangelen på ein moderleg karakter, svarar dei: «Me tekte ikkje over det, har aldri sakna mora. Faren er eit så tydeleg bilete på Gud. Dette er

⁹² Vedlegg 5

⁹³ Hofstede, Hofstede, and Minkov, *Cultures and Organizations : Software of the Mind : Intercultural Cooperation and Its Importance for Survival*, 67.

ei av tre likningar som Jesus fortalde for å svare farisearane og dei skriftlærde, korleis Gud er kjærleik og nådig mot den enkelte.»⁹⁴

Den filippinske gruppa vert gjennom prosjektet bevisst på den sterke assosiasjonen mellom faren og Gud, og dei seier seg samde i at dette kan vera med på å avgrense perspektiv rundt tolkinga av teksten. Her gjer dei også noko interessant i møte med teksten. Dei stiller spørsmål rundt sin eigen oppfatning av korleis Gud er, noko som kjem fram i sitatet: «Vi tenkjer at Gud kanskje er god og nådig, men vi har ingen fyrstehandserfaring av Gud. Vi har fyrstehandserfaring med ein jordleg far, og vi kjenner til og kan føresjå kva som vil skje i den gitte situasjonen. Det er også litt av grunnen til at vi generaliserer teksten sin bodskap til det at 'Gud er ein nådig far' .»⁹⁵ Her vert den filippinske gruppa merksame på at dei har påført Gud menneskelege erfaringar i lys av historia. Dette står i kontrast til deira eigen lesing av teksten der dei påfører farsfiguren i historia guddommelege eigenskapar. Dette har igjen ført til at den filippinske gruppa vert observante på sin eigen generalisering av teksten.

Slik som det vert beskrive i kapittel 2.2.3 i denne oppgåva, kan eit uheldig utfall av det å danne seg bibelgrupper vera det at ein rekrutterer sine medlem frå same sosiale og kulturelle kontekst. Dette kan føre til at ein låser seg i eigen lesing og tolking av teksten. Ut i frå dette kan ein seie at dei to gruppene ikkje berre er låst i si tolking av faren som Gud, men også når det kjem til teksten som ein likning. Den norske gruppa seier at tanken rundt foreldreroller og familieverdiar er eit nytt perspektiv inn i teksten, og at dei aldri har tenkt slik i møte med teksten.⁹⁶ Ein kan tydeleg sjå gjennom dette eksempelet at i møte med «den andre» så vert dei to gruppene eksponert for nye perspektiv som er med på å opne den låste tolkinga av teksten. Dette er igjen med på å bekrefte at prosjekt rundt interkulturell bibellesing kan vera med på å skape eit sosialt og religiøst endringspotensiale som kan føre til nye perspektiv rundt gamle tekster. Samstundes kan slike prosjekt vera med på å gjera menneske bevist på låste lesingar av bibelen som hindrar ein i å finne fram til ny meining med teksten.

4.4 Konfesjon og «handling» som nødvendig i prosessen rundt tilgjeving

Gjennom den biografiske beskrivinga av gruppene vert ein kjent med at dei ikkje berre har ulik etnisk og kulturell bakgrunn, men at også konfesjon er ein hovudforskjell mellom dei to

⁹⁴ Vedlegg 3

⁹⁵ Vedlegg 6

⁹⁶ Vedlegg 5

gruppene. Den norske gruppa beskriver seg som luthersk kristen. Den filippinske gruppa skriv at dei har vorte oppseda i den romersk katolske trua, men at gruppa no består av individ som tilhøyrar forskjellige kristne konfesjonar.

Den filippinske gruppa startar nokre av refleksjonane sine ved å skrive «Som katolikkar...» og «Frå den religiøse læra vi har vakse opp med...». Denne måten å formulere seg på kan antyde at den filippinske gruppa held seg til faste læresetningar og dogme i møte med teksten.

Kanskje er den filippinske gruppa påverka av desse faste og klare læresetningane og dogmene i møte med teksten. Mot slutten av prosjektet skriv dei: «Dei (dvs. partnergruppa) er meir kunnskapsrike og erfarne når det kjem til å bruke teksten inn i det daglege livet. Dei hadde mange perspektiv på teksten som vi ikkje har tenkt over, men vi deler den same trua slik som den vert vist gjennom historia.»⁹⁷ Det kan verke som om den filippinske gruppa kan vera bunden av teksten si «rette» tyding, noko som gjer det vanskeleg for dei å sjå teksten frå nye perspektiv.

Ein av dei store ulikskapane som ein kan seie oppstår som eit resultat av forskjellen i konfesjon, er tanken rundt handling som nødvendig i prosessen for å verta tilgjeven. Dette er ein forskjell den norske gruppa legg merke. Dei stiller spørsmålet til den filippinske gruppa, og lurar på om sakramentet rundt skriftemål er ein viktig del av den filippinske gruppa sin truspraksis. Det vert også stil spørsmål rundt kva den filippinske gruppa meiner når dei bruker ordet «Handling» inn mot prosessen rundt tilgjeving. Til dette svare den filippinske: «..., men vi er samde om at anger dannar starten i ein prosess av tilgjeving. (...) Det å vise ekte anger for det ein har gjort gale, for så å halde seg til det som er rett, gjer oss verdige til å ta imot tilgjeving.»⁹⁸ Handling kan altså her tolkast som det å vise at ein verkeleg angrar gjennom å vedkjenne seg sine synder for så å aktivt handle rett i forhold til synda.

Frå eit luthersk perspektiv kan ein forstå at den norske gruppa reagerer på tanken rundt handling som nødvendig inn mot tilgjeving. I den lutherske trua er ikkje anger noko ein gjer seg fortent til gjennom handling, men heller noko som vert skapt i menneske av Gud. Dette kjem godt fram i *Confessio Augustana* artikkel 12, her står det: «Om boten lærer de at de som har falt etter dåpen, kan få tilgivelse for syndene når som helst, når de omvender seg, og at kirken bør gi avløsning til dem som således vender tilbake til boten. Men boten er egentlig

⁹⁷ Vedlegg 6

⁹⁸ Vedlegg 6

sammensatt av disse to deler: den ene er angeren eller den redsel som jages inn i samvittigheten når synden blir kjent, den andre er troen, som avles av evangeliet eller avløsningen, og som stoler på at syndene forlates for Kristi skyld, og trøster samvittigheten og frir den fra redselen. Deretter bør det følge gode gjerninger, som er botens frukter.»⁹⁹ Ein kan tydeleg sjå her at handling ikkje er nødvendig i prosessen rundt tilgjeving, men at gode handlingar er eit resultat av anger og bot.

Ein annan ulikskap kjem fram i det den filippinske gruppa skriv, i sin første rapport, at Guds rikdom er for alle. I tillegg til dette går dei eit steg vidare og seier at menneske faktisk har rett på Guds rike dersom ein er ærlege om syndene sine. Dette utsegne stiller den norske gruppa seg kritisk til og skriv: «Me vil nok ikkje bruka ordet rett på Guds rike. Me har fått Guds rike i gåve. Når me ser på den yngste sonen, forventar han ingenting av faren når han kjem heim, men han blir møtt med berre nåde.»¹⁰⁰

Det er tydeleg gjennom dei to gruppene sine utsegn at dei har bakgrunn i forskjellige konfesjonar, og at dette har ein påverknad på korleis dei les og tolkar bibelteksten. Den norske gruppa som består av berre individ som identifiserer seg med den lutherske konfesjonen har gjennom heile prosjektet eit stort fokus på Guds kjærleik og nåde. Her kan den norske gruppa seiast å, med eller utan medvit, trekke fram eit av hovudkonseptane i den lutherske konfesjonen, nemleg «sola gratia». Dette står i motsetning til den filippinske gruppa som ved fleire høve trekker fram at ein må vise, gjennom handling, at ein verkeleg angrar før ein kan ta imot nåde. Dette stemmer overeins med den katolske læra som dei sjølv seier at dei har sin bakgrunn i, og som bygger på avsnitt 1450 i den Katolske Kyrkja sin katekisme. Her står det: «Boten krever av synderen at han med glede godtar alt det som inngår i den: i hjertet anger, i munnen bekjennelse, i væremåte full ydmykhet og helsebringende bot.»¹⁰¹

Samtalen mellom dei to gruppene viser at prosjektet kan vera ein god plattform for å gjennomføre økumenisk samarbeid og utvikling. Begge gruppene kjenner seg igjen i kvarandre, og dei har ei forståing av at dei er like i måte dei les og tolkar bibelteksten på.

⁹⁹ Jens Olav Mæland, ed. *Konkordieboken: Den Evangelisk-Lutherske Kirkes Bekjennelsesskrifter*, 4. opplag ed. (Oslo: Lund Forlag, 2015), 33.

¹⁰⁰ Vedlegg 3

¹⁰¹ Den Katolske Kirke, "Den Katolske Kirkes Katekisme," Hentet 23.04.21 frå https://www.katolsk.no/tro/kkk/k2_12#1450.

Samstundes vert forskjellar i truspraksis framheva, noko som er med på å skape eit sosialt og kulturelt endringspotensiale i dei to gruppene.

4.5 Bodskapen i teksten

Dersom ein ser nærare på bodskapen dei to gruppene trekker ut i frå teksten, vert det tydeleg at dette prosjektet har eit klart utgangspunkt i den empiriske hermeneutikken. Begge gruppene er gjennom prosjektet opptekne av kva teksten kan formidle inn i deira liv her og nå, og det er tydeleg at individa i gruppene tar del i ein aktiv tolkingsprosess der dei stiller seg spørsmålet: «Kva tydar teksten for meg?». I dette delkapitelet skal vi sjå nærare på kva dei to gruppene trekker fram som bodskapen i teksten, for så å sjå nærare på korleis familieverdiar og foreldrerolle kjem fram i dette.

Noko av det første den norske gruppa legg merke til ved teksten er det at tittelen på historia har endra seg med åra frå «den bortkomne sonen» til «Sonen som kom heim». Dette fører til at den norske gruppa reflektere over korleis dette kan vera med på å endra fokus i teksten. Kan denne endringar i tittel vera med på å sette karakterane i eit nytt lys som gjer at det kan oppstå ei ny tolking rundt teksten sitt innhald? Til den norske gruppa si oppdaging rundt endring av tittel på historia, svarer den filippinske gruppa at det ikkje nødvendigvis har noko å seie for fokus og tolking. Det dei derimot seier er at det endrar måten ein oppfattar karakterane på. Dersom sonen vert beskrive som fortapt skapar dette ein annan assosiasjon til karakteren i teksten enn dersom han «berre» er heimvendt. Her kan ein sjå at den filippinske gruppa får ei utvida forståing av teksten basert på noko den norske gruppa oppdaga. Ein kan seie at dei to gruppene i fellesskap kjem fram til ei utvida forståing rundt teksten. I lys av den gamle teksten vert sonen framstilt som «fortapt», noko som kan vise til at sonen ikkje lenger var i ein relasjon til faren. Når så fokuset går frå å vera «fortapt» til å vera «heimvendt» så endrar det tankegangen rundt den yngste sonen sin situasjon i relasjon til faren. Gjennom å vera «heimvendt» så mister aldri sonen relasjon sin til faren, og han kjem heim til ein stad der han alltid har høyrte til.

Vidare kan den filippinske gruppa seiast å ha eit sterkt fokus på dei menneskelege handlingane i teksten, mens den norske gruppa kan seiast å ha eit sterkt fokus rundt dei guddommeleg handlingane i teksten. Dette kjem fram i det dei to gruppene meiner er hovudbodskapen i teksten. Her skriver den norske gruppa: «Det kan vera ein advarsel til oss

om at me ikkje må vera som den yngste sonen. Eigentleg trur me det er den store, ubetinga kjærleiken som faren møter sonen med. Slik som Gud møter oss menneske med kjærleik og nåde.»¹⁰² Den filippinske gruppa skriver her: «Hovudbodskapen i denne historia er at vi må være ærlege og sanne i møte med vår eigen synd og anger. Dette har sitt grunnlag i at vår Far si tilgjeving alltid er til stede og han ventar alltid på at vi skal komme tilbake.»¹⁰³

Begge gruppene er samde i at dei har same forståing rundt teksten sin teologi og innhald. Dette sjølv om det gjennom rapportane klart kjem fram at dei har ulike tanke rundt tekstens innhald og teologi. Begge gruppene er samde i at teksten også kan tydst slik som partnargruppa gjer det, men dei kjem fram til ulike konklusjonar etter som det er forskjellige ting som bærer verdi inn i dei to gruppene. Dette har den filippinske gruppa lagt merke til, noko som kjem fram i dette sitatet: «Når det kjem til våre familieverdier og forhold til teksten i seg sjølv, så står vi ganske likt. Dersom vi derimot legger til våre egne erfaringar og reflekterer over dei, så har vi forskjellig tilnærming når det kjem til kultur og personlege meiningar rundt korleis ein i praksis skal handle i ein ekte situasjon.»¹⁰⁴ Hovudforskjellen mellom dei to gruppene kan vera det at den filippinske gruppa er sterkt familieorientert og kollektivistisk, og har dermed eit sterkt fokus på det menneskelege fellesskapet i teksten. På den måten er ikkje familieverdier og foreldreroller eit ukjent tema i bibelteksten.¹⁰⁵ Den norske gruppa er individualistisk og kan seiast å ha ein litt større teologisk tilnærming til teksten. Dette kjem fram i at dei skriv i rapportane sine at dei alltid har definert teksten strengt som ein likning som omhandlar Guds kjærleik til menneske, og at dei aldri har sett på teksten i lys av familieverdier og foreldreroller.¹⁰⁶

I den siste rapporten vart begge gruppene konfrontert med eit spørsmål rundt om det er mogleg å lese teksten frå eit reint menneskeleg perspektiv. Til dette svarer den filippinske gruppa at det ikkje er mogleg å lese teksten frå eit reint menneskeleg perspektiv. Dette grunnjev dei med at teksten er skriven i ei anna tid og med andre føresetnadar enn det vi har i dag. Med bakgrunn i dette meiner dei at åndeleg rettleiing og vekst er essensielt for å kunne finne fram til den sanne tydinga av teksten og kva den ønsker å fortelle oss inn i samtida.¹⁰⁷ Den norske gruppa skriv, i sterk kontrast til den filippinske gruppa, at det er fullt mogleg å

¹⁰² Vedlegg 2

¹⁰³ Vedlegg 2

¹⁰⁴ Vedlegg 4

¹⁰⁵ Vedlegg 6

¹⁰⁶ Vedlegg 5

¹⁰⁷ Vedlegg 6

lese teksten ut i frå eit reint menneskeleg perspektiv. På tross av dette erkjenner dei at ein alltid lesar teksten i ein samanheng og at dette gjer det vanskeleg å tolke teksten på denne måten. Her er det verdt å legge til at dei to gruppene, ut ifrå den empiriske hermeneutikken og som «vanlige lesarar», les teksten ut i frå kva den tydar for dei som individ. Dette viser at dei les teksten i lys av deira eige liv, og kan på den måten berre lese teksten ut ifrå eit reint menneskeleg perspektiv. Dette perspektivet er av ein spirituell karakter og ikkje ein kritisk karakter, etter som den bærer med seg element i frå lesaren sitt personlege trosnivå. Når fleire slike menneskelege perspektiv møtast, danna dette ei utveksling av åndeleg menneskeleg erfaring som igjen kan føre til nye tolkingar av gamal tekst, akkurat slik som det framstår i dette delkapitlet.

4.6 Transformasjon og åndeleg vekst

Som det har blitt nemnt under teoridelen i denne oppgåva, er åndeleg vekst særst vanskeleg å måle og beskrive. Eg skal likevel gjera eit forsøk på å beskrive den transformasjonen og åndelege vekst som kjem fram i dei to gruppene sine rapportar, og sjå på korleis møte med «den andre» har vore med på å utvikle nye tankar og perspektiv. For å beskrive denne moglege transformasjonen og åndelege veksten vil eg gå ut ifrå teorien slik som den vert presentert i kapittel 2.2.4 og 2.2.5 i denne oppgåva.

Det første ein må tenkje på når ein skal beskrive åndeleg vekst er at ein ikkje alltid legg merke til den åndeleg veksten som skjer hos ein sjølv. Dersom ein sett dette i lys av dei to bibelske tankane rundt åndeleg vekst, der vekst vert samanlikna med jordbruk og eit barn som modnast. Så viser det oss at åndeleg vekst er ein prosess som ofte tek lang tid, og det heile inneber eit element av venting.

Begge gruppene viser til at dei gjennom prosjektet har fått mange fine nye perspektiv på teksten, og at det å verta eksponert for den andre gruppa si lesing og tolking av teksten har vore interessant. Den filippinske gruppa skriv at tross denne utviklinga rundt perspektiv har ikkje dette vore med på å endre trua deira, noko som heller ikkje var målet med dette prosjektet. Den norske gruppa viser til at dei to gruppene var overraskande like, og at det kanskje ikkje var så mykje anna enn nye perspektiv som kom ut ifrå prosjektet. Dei to gruppene er litt utydelige når det kjem til spørsmålet om det har oppstått ei endring eller utvikling gjennom prosjektet, og det kan sjå ut som dei sjølv meiner at prosjektet ikkje har

ført til noko åndeleg vekst. Tross dette kan ein tydeleg lese at det har skjedd ei utvikling i måten dei to gruppene les bibelen på. Nye tankar og perspektiv som har utfordra dei to gruppene fekk sitt uttrykk, og det oppstod ei bevisstgjerjing av eiga lesing og lesinga til «den andre» som igjen har ført til ein transformasjon rundt lesinga av teksten.

Ein kan sjå utviklinga i rapportane til dei to gruppene i lys av Wolverton sine konkrete teikn på åndeleg vekst slik som dei vert presentert i kapitel 2.2.5. Ein kan klart sjå at dei to gruppene har, gjennom å lese andre si forståing av ein sjølv, lært noko om korleis ein sjølv relaterer til Gud, Bibelen og verda. Vidare kan ein også sjå tydelege trekk på at dei to gruppene gjennom prosjektet har lært å sjå bibelteksten frå «den andre» sitt perspektiv, og gjennom dette har det oppstått ei medfølande forståing og identifisering med «den andre» og deira perspektiv. Ein kan altså her konkludere med at det har skjedd ein åndeleg vekst og ein transformasjon hos individa i dei to gruppene, sjølv om dei ikkje sjølv uttrykker det i klare ord. Til slutt er det også verdt å legge til at effekten av eit slikt prosjekt rundt interkulturell bibellesing kan ha sitt virke inn i framtida, og at resultatet av prosjektet ikkje kjem til sitt fulle uttrykke her og nå.

5 Konklusjon

Vi har gjennom dette prosjektet fulgt to grupper, ei norsk og ei filippinsk, gjennom ein prosess rundt interkulturell bibellesing. Prosjektet har tatt sitt utgangspunkt i den «vanlege lesar», og har på den måten hatt eit eksistensielt preg framfor eit teologisk preg. Dette har ført til at oppgåva har fokusert meir på kva bibelteksten tydar for den enkelte bibelleser, framfor kvar den tydar i eit akademisk historisk-kritisk perspektiv. Med dette som grunnlag vert livet til individa i dette prosjektet atterspegla i denne oppgåva, og det er deira spontane og førkritiske lesing som kjem fram.

Gjennom tre møte har gruppene lest gjennom bibelteksten frå tre forskjellige perspektiv. Ved første møte låg fokuset på gruppene si eiga lesing av bibeltekst, dvs. korleis tolkar «vi» teksten. Ved det andre møtet låg fokuset på partnergruppa si lesing av bibelteksten, dvs. korleis «den andre» tolkar bibelteksten. Ved den tredje og siste lesinga låg fokuset på korleis «den andre» tolka «vår» lesing av bibelteksten. Gjennom den triple lesinga vert gruppene gradvis eksponert for korleis «den andre» lesar bibelteksten, og korleis «andre» erfarer «vår» lesing. Denne metoden rundt bibellesing er med på å tvinge den individuelle lesaren til å sjå bibelteksten i frå nye perspektiv samstundes som den opnar opp låste lesingar og perspektiv av teksten. Metoden verker også som inspirasjon og korrektiv til gruppene si lesing og tolking av teksten, noko som fører dei mot ein utvida forståing av bibelteksten.

Prosjektet tar utgangspunkt i gruppene sitt møte med «den andre» og deira lesing av same bibeltekst. Menneske lesar bibelen inn i forskjellige sosiale, kulturelle og teologiske samanhengar, og når fleire slike samanhengar møtes skapar dette eit sosialt og religiøst endringspotensiale som kan føre til ei utviding av horisont og ny lesarerfaring. Inn i denne utviklinga er det eit håp om at det heile skal føre til åndeleg vekst og transformasjon hos lesaren. Målet med transformasjonen inn i dette prosjektet har vore det å skape ein produktiv dialog mellom dei to gruppene, som igjen kan føre til ein ny forståing rundt gamle tekstar.

Som eit utgangspunkt for å kunne beskrive den utviklinga som har oppstått i prosjektet, har vi brukt Geert Hofstede sine fem kulturelle dimensjonar. Ved å kunne beskrive den kontekst og kultur som ligger til grunn for dei to gruppene sine tankar og handlingar, kan ein seie noko om kvifor dei tolkar bibelteksten slik dei gjer. Dette har ført til at vi kan gjennomføre ein kritisk analyse av dei to gruppene si lesing og tolking av teksten, noko som igjen gir oss høve til å samanlikne dei to gruppene og måten dei les og tolkar bibelteksten på.

Alle komponentane som er nemde i avsnitta over er med på å danne ein struktur som i heilskap kan kallast for interkulturell bibellesing. Kvar komponent er essensiell i å bygge opp eit system som gjer at ein kan tolke og beskrive den kontekst og kultur som får sitt uttrykk gjennom prosjektet i heilskap. Med bakgrunn i dette og det som kjem fram i denne oppgåva, kan ein klart seie at dette prosjektet har skapt eit sosialt og religiøst endringspotensiale som igjen har ført til transformasjon og åndeleg vekst hos deltakarane. Gruppene har gjennom prosjektet utfordra si eiga og «den andre» sin lesing og tolking av bibelteksten, samstundes som dei har utvikla medkjensle og forståing for «den andre» sitt perspektiv. Saman har dei reflektert over teksten i lys av sin eigen og «den andre» sin teologiske og kulturelle bakgrunn. Dette har ført til at gruppene har stilt seg spørsmål rundt kvifor ein les teksten slik som ein gjer, og kva som ligger til grunn for eigen tolking av teksten. Gjennom denne bevisstgjeringa har nye perspektiv rundt teksten oppstått, og begge gruppene er samde i at dei har fått ei djupare forståing rundt seg sjølv og teksten.

La oss til slutt vende tilbake til hovudspørsmålet i denne oppgåva. Kan Lukas 15:11-32 brukast til å formidle kristne familieverdier og foreldreroller? Er desse verdiane og rollene dei same på tross av kontekst og kultur, når same tekst vert brukt som utgangspunkt gjennom interkulturell bibellesing?

Ein kan seie at dei to gruppene har svært like familieverdier. Dette har sitt grunnlag i det at dei deler eit felles kristent verdisyn om enn med noko ulike tolkingstradisjonar. Vidare bruker dei den same tekst som utgangspunkt, nemleg Lukas 15:11-32. Bibelen danna i dette prosjektet ein felles etisk og normativ standard som begge gruppene bruker til å bygge sine familieverdier rundt. På den måten er familieverdiane til dei to gruppene svært like, sjølv om dei i nokre tilfelle kjem til utrykke på forskjellige måtar. Dette er også grunnen til at dei to gruppene klarer å identifiserer seg med «den andre», og til tider føler at dei har identiske tankar og meiningar inn mot både familieverdier og bibelteksten. Sjølv om dei to gruppene bærer på forskjellige kontekst og kultur, bygger dei sine familieverdier på det same bibelske grunnprinsippet. Dette grunnprinsippet er den ufortente og altoppslukande kjærleiken som foreldre har ovanfor sine born. Ein kjærleik av guddommeleg karakter, slik som den vert vist til oss gjennom likninga i Lukas 15:11-32.

Sjølv om dei to gruppene har nokså like familieverdier, så har dei ulike tankar når det kjem til foreldreroller i teksten. Dei to gruppene er samde i at faren i historia er eit godt eksempel på korleis ein skal vera som foreldre, men dei har litt ulike tankar rundt faren si rolle inn i

familien. Her kan ein tydeleg sjå korleis kontekst og kultur er med på å forme korleis ein les og tolkar bibelen, og korleis det er med på å skape ein ulikskap mellom gruppene på tross av at dei les den same teksten. Det kulturelle og kontekstuelle utgangspunktet til dei to gruppene er nokså ulikt når det kjem til foreldra si rolle inn mot familien og oppdraging. Dette kjem tydeleg fram når den filippinske gruppa seier at dei saknar ein moderleg karakter i teksten. Den filippinske gruppa har klart definerte kjønnsroller når det kjem til ansvar i familien. Det står i sterk kontrast til den norske gruppa, der foreldra står likt i sine foreldreroller, og kjønnsroller ikkje er med på å definere deira ansvar inn i familien. Dei klart definerte rollene i den filippinske familien får også sitt uttrykk i søskenflokket, der den eldste sonen har eit anna ansvar enn den yngste sonen. Desse forskjellane viser den sterke kontrasten mellom den norske og den filippinske kulturen når det kjem til familieroller og ansvar inn i familien, noko som kjem sterkt til uttrykk i måten dei to gruppene les og tolkar bibelteksten på.

Med alt dette som bakgrunn kan ein klart seie at teksten i Lukas 15:11-32 kan brukast til å formidle kristne familieverdier. Teksten viser oss at kjærleik er det som dannar grunnlaget for all god medmenneskeleg interaksjon, og dette grunnlaget er det same inn i ein familie. På den måten dannar kjærleiken sjølv hjørnesteinen som alle andre familieverdier springer ut ifrå. Det er denne kjærleiken som også dannar grunnlaget for den gode samtalen mellom dei to gruppene i dette prosjektet, og som igjen leder til åndeleg vekst og transformasjon rundt korleis dei les og tolkar Bibelen. Det ein derimot ikkje kan seie er at teksten har danna eit felles grunnlag for dei to gruppene når det kjem til foreldreroller. Her kan ein tydeleg sjå at dei to gruppene ikkje finn sine foreldreroller i bibelen, men at dei bruker sine tillærte foreldreroller til å tolke teksten i lys av kontekst og kultur. Dette skaper ein forskjell i måten dei to gruppene les og tolkar Bibelen på, noko som igjen dannar grunnlaget for ein mangfaldig og kontekstuell lesing av Bibelen. Denne kontekstuelle lesinga av Bibelen har, for dei to gruppene, ført til ny innsikt og kunnskap i korleis ein kan tolka tekstane, og har på sin eigen måten ført til åndeleg vekst og transformasjon i dei to gruppene.


Litteraturliste

- Hofstede, Geert H., Gert Jan Hofstede, and Michael Minkov. *Cultures and Organizations : Software of the Mind : Intercultural Cooperation and Its Importance for Survival*. 3rd ed. New York: McGraw-Hill, 2010.
- Hofstede, Insights. "Country Comparison - Norway and the Philippines." Hentet 22.03.2021 frå <https://www.hofstede-insights.com/country-comparison/norway,the-philippines/>.
- Holter, Knut. "Biff-Manual." Hentet 08.02.2021 frå <https://simb.africa/wp-content/uploads/2018/10/Attachment-2.pdf>.
- . "«Den Andre Leseren» Som Tolkningsmessig Inspirasjon Og Korrektiv." *Norsk Tidsskrift for Misjonsvitenskap* 73, no. 2 (2019): 5-15.
- . "Malagasy, Thai, and Norwegian Youths Reading Luke 15 Together." Hentet 28.04.2021 frå <https://simb.africa/wp-content/uploads/2019/12/2019-Holter-Malagasy-Thai-and-Norwegian-Youths-Reading-Luke-15-Together.pdf>
- Kessler, Rainer. "Reading the Text - Reading the Others - Reading Ourselves". *Bible and Transformation : The Promise of Intercultural Bible Reading*. Edited by Hans de Wit and Janet Dyk. Atlanta: SBL Press, 2015. 151-158.
- Den Katolske Kirke. "Den Katolske Kirkes Katekisme." Hentet 23.04.21 frå https://www.katolsk.no/tro/kkk/k2_12#1450.
- Mæland, Jens Olav, ed. *Konkordieboken: Den Evangelisk-Lutherske Kirkes Bekjennelsesskrifter*. 4. opplag ed. Oslo: Lund Forlag, 2015.
- Ritchie, Jane, and Jane Lewis. *Qualitative Research Practice : A Guide for Social Science Students and Researchers*. London ; Thousand Oaks, Calif.: Sage Publications, 2003.
- Seale, Clive. *Qualitative Research Practice*. Concise pbk. ed. London ; Thousand Oaks, CA: SAGE, 2007.
- Segovia, Fernando F. "Intercultural Bible Reading as Transformation for Liberation: Intercultural Hermeneutics and Biblical Studies". *Bible and Transformation : The Promise of Intercultural Bible Reading*. Edited by Hans de Wit and Janet Dyk. Atlanta: SBL Press, 2015. 19-52.
- Wit, Hans de. "Bible and Transformation: The Many Faces of Transformation". *Bible and Transformation : The Promise of Intercultural Bible Reading*. Edited by Hans de Wit and Janet Dyk. Atlanta: SBL Press, 2015. 53-74.
- , et al. *Through the Eyes of Another : Intercultural Reading of the Bible*. Elkhart, Ind.: Institute of Mennonite Studies, 2004.
- . "Through the Eyes of Another: Objectives and Backgrounds". *Through the Eyes of Another : Intercultural Reading of the Bible*. Edited by Hans de Wit, et al. Elkhart, Ind.: Institute of Mennonite Studies, 2004. 3-53.
- Wit, Hans de, and Janet Dyk. *Bible and Transformation : The Promise of Intercultural Bible Reading*. Society of Biblical Literature Semeia Studies. Edited by Hans de Wit and Janet Dyk. Atlanta: SBL Press, 2015.
- . "Introduction". *Bible and Transformation : The Promise of Intercultural Bible Reading*. Edited by Hans de Wit and Janet Dyk. Atlanta: SBL Press, 2015. 1-18.
- Wolverton, Taggart E. *An Intimate Revelation : Intercultural Bible Reading with Adolescents*. New York, NY: Peter Lang Publishing, Inc., 2020.

Vedlegg

Vedlegg 1:

Ein kulturell samanlikning mellom **Noreg** og **Filippinene** basert på Geert Hofstede sine fem kulturelle dimensjonar¹⁰⁸:



¹⁰⁸ Hofstede, "Country Comparison - Norway and the Philippines".

Vedlegg 2:

Første rapport – Begge grupper

Filippinsk gruppe	Norsk gruppe
<p>Kva handlar teksten om? Kven er personane som kjem fram i teksten?</p> <p><i>Personane som kjem fram i teksten er ein familie som består av ein nådig far, ein frisinna yngre son/bror og ein sjalu eldre bror/son</i></p> <p>Er det noko med teksten som du la spesielt merke til?</p> <p><i>Vi leger spesielt merke til at historia har ein klar og forståeleg følelse og tanke rundt kvar karakter sin rolle i den store samanhengen. Men basert på religiøse og kulturelle tankar så legger vi spesielt merke til det store hatet den eldre broren har. Dette er ein noko eit familiemedlem aldrig burde bære på.</i></p> <p>Er det noko i teksten som forvirrar deg eller går imot noko du tidlegare har lært/tenkt?</p> <p><i>Når vi nyttar vår religiøse tru, så dannar historia eit klart bilde og tyding. Historia handlar om den tilgivande handlinga frå faren til sin yngste son og sjalusi mellom brødrar. Men basert på eit kulturelt perspektiv så har denne historia ein følelse av å vera ufullstendig. Den har ikkje så stor innverknad på oss etter som det manglar ein karakter, og denne karakteren er mora. Når det kjem til kultur, og eit slikt senario oppstår kvar den bortkomne sonen kjem tilbake, så er det normalt mora som tar imot sonen sin på ein storslått måte.</i></p>	<p>Kva handlar teksten om? Kven er personane som kjem fram i teksten?</p> <p><i>I denne teksten møter me den yngste sonen, faren og den eldste sonen, ein av mennene i landet og tenarane.</i></p> <p>Er det noko med teksten som du la spesielt merke til?</p> <p><i>Me lurar litt på kvifor det ikkje står noko om at han vart vaska før han fekk festklede på. Vers 21 «eg er ikkje verdig å kallast sonen din», her møter me ein angrande son. Han ber om tilgjeving for det han hadde gjort. Men faren viste han kjærleik før han viste anger. Den elste broren vart ikkje invitert inn til festen, han oppdaga festen då han kome heim etter endt arbeidsdag.</i></p> <p>Er det noko i teksten som forvirrar deg eller går imot noko du tidlegare har lært/tenkt?</p> <p><i>Overskrifta til forteljinga har endra seg i 2011 utgåva. I vår barndom var dette forteljinga om «den bortkomne sonen» Fokuset har eigentleg endra seg litt når det er forteljinga om «sonen som kom heim»</i></p>
<p>Kva følelsar kjem opp i møte med teksten?</p> <p><i>Som katolikkar så vekker lesinga av denne teksten ein følelse av trøst og anger. Dette har sitt grunnlag i trua, at på tross synda som ein gjer, så har vi ein forsikring om at</i></p>	<p>Kva følelsar kjem opp i møte med teksten?</p> <p><i>Det er jo ei forteljing om ein son som har gjort mange dumme val og enda på heilt på botnen. Denne sonen møter ein ny og ubetinga kjærleik.</i></p>

<p><i>vår tilgjevande Fader vil ta imot oss og tilgi oss dersom vi i sanning søker tilgjeving gjennom handling.</i></p>	<p><i>Me kjenner litt på ein frustrasjon over korleis sonen kan vera så frekk og spørja etter arven. Synest og det er forståeleg at den heimeverande broren kjenner på sinne og uretten som han opplever i møte med den heimkomne.</i></p>
<p>Kva tenker du om personane/gruppene som kjem fram i teksten? Er farsfiguren i fortellinga ein god og rettferdig far? (Kvifor/Kvifor ikkje?) <i>Faren er ein kjærleg fader som uansett kva synd hans søner gjer, etter at dei innser sin skyld, tar dei fullhjerta tilbake inn i fellesskap med seg.</i></p> <p>Fortener den bortkomne sonen det han får når han kjem heim att? (Kvifor/Kvifor ikkje?) <i>Frå den religiøse læra vi har vakse opp med har vi lært at vår Fars rikdom er for alle. Dersom vi ærleg angrar over syndene våre og er klare for å følge hans vilje, så har vi rett på Guds kongedømme. Skildringar frå historia om den fortapte sonen visert til at den heimvendte sonen tilstår fult ut sine synder og stoltheit og er klar til å ta imot sin straff, og at faren ser gjennom og akseptere hans ærlegdom og tar imot sonen sin med kjærleik.</i></p> <p>Har sonen som vart attende hos faren rett til å føle seg urettherdig behandla? (Kvifor/Kvifor ikkje?) <i>Frå vårt synspunkt så vart ikkje den eldste sonen urettferdig behandla av sin far etter som han har levd ved hans side, og faren veit at den eldste sonen ikkje har levd eit hardt liv ovanfor han. Som menneske, meiner vi at det er naturleg å vise til følelsen av sjalusi og misnøye, spesielt når personleg offer er innblanda. Ut ifrå historia så ofrar den eldste sonen seg for å følgje faren og for å vinne hans gunst.</i></p>	<p>Kva tenker du om personane/gruppene som kjem fram i teksten? Er farsfiguren i fortellinga ein god og rettferdig far? (Kvifor/Kvifor ikkje?) Er det slik at faren er litt for snill når han gir arven til sonen? Me tenkjer at han gir sonen ein veldig stor frihet og eit stort ansvar. Faren viser ein uendeleg stor kjærleik og nåde.</p> <p>Fortener den bortkomne sonen det han får når han kjem heim att? (Kvifor/Kvifor ikkje?) Han fortener på ingen måte å få tilgjeving. Fordi han har fått sitt og brukt det opp. Men me ser at han heller ikkje forventa å få tilgjeving. Han håpar på å få vera som ein leigekar.</p> <p>Har sonen som vart attende hos faren rett til å føle seg urettherdig behandla? (Kvifor/Kvifor ikkje?) Han er jo rettferdig behandla eigentleg. Men det er forståeleg at han reagerer på det broren har gjort. Det er lett og forstå at han vert sjalu.</p>

<p>Kva familierelasjonar kjem fram i teksten, og reflekterer desse relasjonane noko i ditt liv?</p> <p><i>Den fortapte sonen viser til den faderlige kjærleiken frå ein far til sine søner, og som på tross av alt som skjer opprettheld sin kjærleik for sine born. Brødrane sitt forhold er eit typisk søskenforhold som spesielt viser til kva som skjer når ein bror prøver å oppfylle sine foreldre forventningar samstundes som den andre broren kjem på villspor.</i></p>	<p>Kva familierelasjonar kjem fram i teksten, og reflekterer desse relasjonane noko i ditt liv?</p> <p>Me er sjølv foreldre og kjenner oss difor igjen i faren som ikkje kan gløyma sonen sin. Og som ikkje kan la vera og tilgi. Men det vil gjerne gå ei grense for kor mange gonger ein kan gi ein ny start. Her snakka me om dette med å vera foreldre til narkomane for eksempel (noko me heldigvis ikkje er)</p>
<p>Korleis vert foreldrerollen reflektert i teksten, og kva kan ein lære av den? Kva meiner du kjenneteiknar ein god forelder/far?</p> <p><i>Ein god far vil alltid har kjærleik til sine born uansett kva som ville skje. Kjærleik vil alltid være til stede, spesielt etter at borna har synda men vender om og angrar heilhjarta.</i></p> <p>Kva meiner du kjenneteiknar ein god son/barn?</p> <p><i>Barn er alltid bunden til å ville utforske, prøve og feile, og dette vil alltid føre til hjertesorg hos foreldra. Men etter som barna lærer, aksepterer sine feilsteg og angrar, så er dette den største gleda foreldre kan ha.</i></p>	<p>Korleis vert foreldrerollen reflektert i teksten, og kva kan ein lære av den? Kva meiner du kjenneteiknar ein god forelder/far?</p> <p>Hos faren ser me den ubetinga kjærleiken. Me tenkjer at grensesetting er viktig som foreldre. For den yngste sonen ser me på ein måte ingen grenser. Kanskjehar faren hatt tydeligare grenser til den eldste sonen. Kan det vera desse grensene den eldste sonen har kjent på. At han har kjent det som begrensande.</p> <p>Kva meiner du kjenneteiknar ein god son/barn?</p> <p>Respekt er ein fin eigenskap. Me vil gjerne at dei skal følga reglar og vera høfleg og snill. Ta ansvar for seg sjølv og andre. Som foreldre kan me ikkje sei at det er noko som gjer eit barn betre enn det andre. Me er veldig glade i dei uansett korleis dei oppfører seg.</p>
<p>Kva er ditt forhold til teksten? Kan du identifisera deg med nokon frå teksten, eller dersom du skulle ha funne deg sjølv i teksten kvar ville du ha vert?</p> <p><i>Personleg så plasserer vi oss i den eldste sonen sine sko. Dersom ein følger kulturelle tankar, dette med å vera den eldste sonen, så er vi forplikta til å gjere våre foreldre tilfreds. Dette handlar om å ta det fulle ansvar for familien, noko som inkluderer å ofre sine personelge ønsker.</i></p> <p>Kvifor finner du deg sjølv akkurat der?</p>	<p>Kva er ditt forhold til teksten? Kan du identifisera deg med nokon frå teksten, eller dersom du skulle ha funne deg sjølv i teksten kvar ville du ha vert?</p> <p>Me ville kanskje vore den heimeverande sonen, som hadde det trygt og godt. Men ofte identifiserar me oss med den bortkomen som feilar og vert motteken med kjærleik.</p> <p>Kvifor finner du deg sjølv akkurat der?</p>

<p><i>Vi identifiserer oss med den eldste sonen på grunn av livsforhold, og at det alltid er behov og krav som vi som er dei eldste i familien må fullføre for våre foreldre og familie.</i></p>	<p>-</p>
<p>Kva er hovudbodskapen i teksten? <i>Hovudbodskapen i denne historia er at vi må være ærlege og sanne i møte med vår eigen synd og anger. Dette har sitt grunnlag i at vår Far sin tilgjeving alltid er til stede og han venter alltid på at vi skal komme tilbake.</i></p>	<p>Kva er hovudbodskapen i teksten? Det kan vera ein advarsel til oss om at me ikkje må vera som den yngste sonen. Eigentleg trur me det er den store, ubetinga kjærleiken som faren møter sonen med. Slik Gud møter oss menneske med kjærleik og nåde.</p>
<p>Korleis vert spørsmåla som du finner i teksten anvendt der du bor, og inn i ditt liv? <i>Når det kjem til vår tolking så ligger fokuset i historia på tilgjeving av synder. Alle karakteren i historia spelar ein viktig og ekte rolle, og dette er eit senario som er aktuelt og som skjer på ekte i kvardagen. Men ut ifrå det at vi kjem ifrå ein familieorientert kultur, så manglar det ein viktig karakter som viser til ein hovudrolle i familiesituasjonen (Morsrollen).</i></p>	<p>Korleis vert spørsmåla som du finner i teksten anvendt der du bor, og inn i ditt liv? Me vil helst sjå det gode i andre, gi ein ny sjanse til dei som treng det. Det er og lett for at me ikkje ser kva me har, og kva mulighetar det gir oss.</p>

Andre rapport - Norsk gruppe

1. **Kva er dykkar umiddelbare tanke rundt partnergruppa sin tolking av bibelteksten?**
 - a. **Ser de nokon kulturelle og/eller teologiske forskjellar?**

Den kulturelle forskjellen ser me at gjer noko med dette med «morsrolla». Me hadde ikkje tenkt at mora manglar i denne teksten. Me ser at dei tydeleg er ei familiegruppe. Teologisk ser me ikkje særleg forskjell.
 - b. **Er det noko med partnergruppa sin tolking av teksten de ikkje forstår?**

Me lurer litt på dette som dei skriv i spørsmål 2. Siste setninga der, kva tenkjer de med gjennom handling. Kan det vera at dei henviser til skriftemålet? Hos oss er ikkje skriftemålet ein viktig del av vår truspraksis.

2. **Den filippinske gruppa trekker fram at dei føler at historia er ufullstendig etter som det manglar ein moderleg karakter. Det vert antyda at denne teksten er framand for dei etter som faren utføre ei mors rolle inn i historia.**
 - a. **Er kjønnsrollene i teksten noko de som nordmenn tenkte over da dykk leste teksten ved første runde?**

Me tenkte ikkje over det, Har aldri sakna mora. Faren er eit så tydleg bilete på Gud. Dette er ei av tre likningar som Jesus fortalde for å svare farisearane og dei skriftlærde, korleis Gud er kjærleg og nådig mot den enkelte.
 - b. **Kva gjer dette synet på kjønnsroller med teksten når de leser den med partnergruppa sine auger?**

Litt vanskeleg for oss, sidan me har ein annan bakgrunn. I vår kultur har og mora ei vikitg rolle, likvel saknar me ikkje mora i denne likninga. Fordi me ser det som ei likning, der faren er eit bilet på Gud. Kanskje kunne det vore mora. Men når me tenkjer på kulturen det er skrive inn i, er det naturleg med ein far.
 - c. **Kjem det fram ny meining i det som kanskje er eit nytt perspektiv på teksten?**

Det er eit nytt perspektiv, men me ser ikkje at det gir oss noko nytt inn i teksten,

3. **I spørsmålet rundt kva følelsar som kjem opp i møte med teksten så svarar den filippinske gruppa at «Faderen vil ta imot oss og tilgi oss dersom vi i sanning søker tilgjeving gjennom handling.» Her viser den filippinske gruppa til at handling har noko å seie i møte med tilgjeving.**
 - a. **Er dette noko de vil sei dykk samde i? (Kvifor/Kvifor ikkje?)**

Litt vanskeleg å sei om me er einige, me spurde tidlegare om kva dei meinar med «handling». Lurer litt på kva dei tenkjer med handling.

- b. Er dette det same i eit foreldreperspektiv (dvs. forholdet mellom forelder og born) som i eit guddommeleg perspektiv (dvs. forholdet mellom Gud og menneske)?**

I ein oppdragarsituasjon vil ein tilgi, men feila vil gjerne og få konsekvensar. Me snakka litt om dette korleis me reagerer som foreldre når barna gjer noko gale. Det å koma som ein angrande syndar, vil gjerne få ein annan reaksjon enn, dersom ein blir teken i å gjera noko gale. I eit guddommeleg perspektiv vil Gud alltid visa kjærleik og nåde til ein angrande syndar.

- 4. I spørsmålet om den yngste sonen fortener det han får når han kjem heim, svarar den filippinske gruppa at vår Fars rikdom er for alle. I tillegg til dette går dei et steg vidare og seier at vi faktisk har rett på Guds rike dersom vi ærleg angrar over syndene våre.**

- a. Kva tenker de over denne retten til Guds rike? Har vi krav på noko frå Gud som menneske?**

Me vil nok ikkje bruka ordet rett på Guds rike. Me har fått Gud rike i gåve.

Når me ser på den yngste sonen, forventar han ingenting av faren når han kjem heim. Men han blir møtt med berre nåde.

- 5. Den filippinske gruppa snakke mykje om forventningar, da spesielt rette mot den eldste sonen. Det dei seier viser til at dei kjenner igjen denne følelsen av obligasjon og forventning med grunnlag i sine egne livserfaringar.**

- a. Kjenner de som normen dykk igjen i denne tanke? (Kvifor/Kvifor ikkje?)**

Me kjenner oss ikkje igjen i denne tanken.

- b. Kan teksten fortelle oss noko rundt kva det vil seie å vera ansvarleg ovanfor familie slik som den filippinske gruppa peiker på det?**

Me tenkjer at den yngste sonen viser lite respekt for resten av familien. Det går ut over relasjonen i familien. Respekt for kvarandre innad i ein familie er viktig for å ha gode relasjonar.

- c. Har den eldste sonen i historia ein obligasjon som den yngste sonen ikkje har?**

Han har eigentleg ikkje det. Dei står heilt likt.

- d. Kan vi som nordmenn lære noko av denne tanken rundt forventning og forplikting som filippinarane talar om?**

Me kan alltid lære noko av kvarandre. Det å ta godt vare på familien er ein fin og god tanke. Sjølv sagt er me og opptekne av det. Men praksisen rundt denne omsorga er nok noko ulik i vår kultur.

- e. Kva gjer denne tanken rundt ein forventning til den eldste sonen med bibelteksten?**

Me har alltid sett på han som sur. Og forventa at han skulle vera like glad som faren for at broren kom heim. I dette perspektivet burde han i allefall vera glad. Sidan han sit med eit ekstra ansvar for heile famlien.

6. Kva familieverdier kjem fram i den filippinske gruppa sitt møte med og tolking av teksten? Er dette verdier som de kjenner dykk igjen i, eller er dei ukjente for dykk? (Kvifor/Kvifor ikkje?)

Trur familieverdiane er ganske så like. Men dei ser annleis på familierollene. Dette handlar om korleis vårt samfunn er organisert. Me treng ikkje ta vare på familien på same måte som dei. Samfunnet vårt er lagt opp til at me skal klara å ta vare på oss sjølv. Familien er ei ekstra støtte, som ein kan klara seg utan.

7. Er dette ein god tekst å bruke når det kjemt til det å beskrive kristne familieverdier og foreldreroller?

Har ikkje tenkt på denne teksten slik tidlegare. Me ser teksten som ei likning. Men Gud sin store kjærleik og nåde er eit førebilete for oss som foreldre.

8. Har de nokon spørsmål til partnergruppa så er det rom for å stille dei her.

-

Andre rapport – Filippinsk gruppe

1. Kva er dykkar umiddelbare tanke rundt partnergruppa sin tolking av bibelteksten?

a. Er de nokon kulturelle og/eller teologiske forskjellar?

Når det kjem til teologi i forhold til denne spesifikke bibelteksten, så er vår og partnergruppa sine tankar like. Sjølv om vi kjenner teksten som «Den fortapte sonen», så deler vi den same forståinga rundt kva teksten prøver å formidle i forhold til vår relasjon med Gud.

Når det kjem til kultur så er vi framleis ikkje så kjent med den norske kulturen, sjølv om vi har bod her lenge. Det vi kan dele har sin bakgrunn i erfaring i frå oppveksta vår. Kulturelt sett er vi som faren som uansett kvar som skjer bøyer på reglene. Vi bøyer på reglene når det kjem til familie etter som følelsen vår ovanfor den er så sterke at dei overskygger den faktiske situasjonen.

b. Er det noko ved partnergruppa sin tolking de ikkje forstår?

Vår tolking er basert på vår delte følelse, forståing og refleksjon over bibelteksten. Vi er samde på dei fleste punkter som teksten peiker på.

2. Den norske gruppa seier at den yngste sonen spør om farens tilgjeving, men faren viser kjærleik og tilgjeving før sonen får tid til å vise anger.

a. Kva fortell dette oss om Guds faderlege kjærleik?

Dette fortell oss at Guds kjærleik og nåde er umåteleg og ufortent. Han kjenner til det som er i hjarta våre sjølv før vi opnar munnen for å tale til han. Den yngste sonen meint å gå til faren sin og for å audmjukt vedkjenne sin mangel, og dette gjorde han med ein tanke om å tena faren. Faren kjenner allereie til sonen sin intensjon og tar imot han med opne armar, utan å tenke på sonen sin status inn i husholdningen.

b. Ville du reagert på same måte med dine born slik som faren i fortellinga gjer?

Som foreldre ønsker ein ikkje noko anna for sine born enn det beste. Uansett kva veg dei tar så vil våre bønner vera med dei. Dersom dei går seg vill og vert usikre i livet, så vil deira heimkomst alltid vera noko å feira.

Men ved å holde seg til bibelteksten og det vi har lært frå våre foreldre sitt eksempel ovanfor oss. Så er det viktig å oppdra sine born frå starten av, slik at dei veks opp på ein måte som gjer at dei ikkje går deg vil. På den måten skal ein ikkje vera mjuke mot dei, men vise dei vår kjærleik gjennom flittig disiplin.

3. I den siste rapporten så svarte de på spørsmål 2 ved å seie: «..., Det er ein sikkeheit i det at vår tilgjevande fader vil ta imot oss og tilgi oss dersom vi i sanning ønsker tilgjeving gjennom våre handlingar.»

a. Stemmer partnergruppa sin uttale i spørsmål 1b («Han ber om tilgjeving for det han hadde gjort. Men faren viste han kjærleik før han viste anger.») og bibelteksten over ende med tanken rund handling som nødvendig når det kjem til tilgjeving?

Vi har tre tankar rundt dette

For det første så er partnergruppa veldig presise når dei seier at den yngste sonen ikkje vert vaska før han vert kledd. For å relaterer dette til vårt svar så har vi, uansett korleis vi ser ut på utsida, den same forsikringa. Uansett kvar vi kjem frå, vår hudfarge og orientering så er vår tilgivande fader alltid den same, og han er alltid rettferdig.

For det andre så er det som partnergruppa seier. Bibelteksten seier i seg sjølv at faren viser sonen kjærleik før sonen kunne utrykke sin anger og innrømme sin uverdighet i å kalle seg hans son. Dette stemmer direkte over ende med vårt svar i spørsmål #2. («Som katolikkar så vekker lesinga av denne teksten ein følelse av trøst og anger. Dette har sitt grunnlag i trua, at på tross synda som ein gjer, så har vi ein forsikring om at vår tilgjevande Fader vil ta imot oss og tilgi oss dersom vi i sanning søker tilgjeving gjennom handling.»)

Den eldste sonen var ikkje invitert til festen, og oppdaga det først når han kom heim frå arbeid. Vi tenker at dette ikkje beskriver noko rundt tilgjeving i denne historia.

4. Den norske gruppa legger merke til at titelen på teksten er endra i den nye norske omsetjinga. Den har gått ifrå å heite «Den fortapte sonen» til «Sonen som kom heim». Dette meiner dei endrar fokus i teksten.

a. Kva tenker de om denne endringa i fokus?

Endringa i tittel endrar ikkje nødvendigvis fokuset i teksten, men heller måten ein oppfattar sonen på. Det går frå å vera ein fortapt person til å vera ein heimvendt person. Måten vi presenterer ting på har alltid ein innverknad på intrykket ein får av karakterane som oppstår når ein starter å lese teksten, og starter å rettferdiggjera handlingane som vert utført i likninga.

Når ein seier ordet «Fortapt» så gir det oss eit bilete av den yngste sonen sine karaktertrekk og holdning i det han tar eit oppgjør med livet. Dersom ein berre beskriver han som «den heimvende sonen» så kan dette verta tolka som ein person som gjorde feil val ut ifrå usikkerheit og mangel på rettleiing

b. Fører denne endringa i fokus til at budskapet i teksten endrar seg, eller blir den verande den same?

For oss så er budskapet i bibelteksten i all hovudsak den tilgivande fader. Dersom ein fokuserer berre på det som er i likninga, så viser det oss ein ting. Uansett kva som skjer, på tross av våre raserianfall som born, vårt trongsynte oppførsel, våre egoistiske handlingar og hatande tankar. Så er det til slutt, når alt ser mørkt og tungt ut, at vår far alltid står klar til å tilgi oss når vi kjem til han me audmjuke og eligdom.

5. Den norske gruppa stiller spørsmålet: «Er det slik at faren er litt for snill når han gir arven til sonen?» Kva tenker de rundt dette spørsmålet? Er faren for snill?

Det at faren gir ifrå seg arven kan lett verta tolka som alt for snilt, spesielt dersom ein ikkje kjenner til kvar dette valet kjem frå. Likninga gjev oss veldig lite bakgrunnsmateriale rundt korleis livet deira var. For oss så kan faren bli sett på som ein rettferdig og vis far. Arva som det var forventet at skulle gå til arvingane etter farens død vart gitt vekk utan nøling, sjølv om faren var sterk og ved god helse. Vi kan ikkje legge skjul på at faren må ha sett på den yngste sonen sin oppvekst og måten han takla livssituasjonar på, og at det kanskje var ting faren hadde sett i sitt barn som

gjorde at han tok valet om å la sonen lære på den harde måten. Erfaring er den beste forma for læring, og dei verste erfaringar gir den størete læra. Det vil alltid komme tider kvar våre ord som foreldre ikkje når fram, og det å la våre born erfare det ekte livet vert på den måten meir meningsfullt.

6. Den norske gruppa seier i spørsmål 4: «Men det vil gjerne gå ei grense for kor mange gonger ein kan gi ein ny start.»

a. Er det ei grense til kor mange gongar ein kan tilgje andre, og kva kan bibelteksten lære oss rundt dette?

Vi har det intrykket av at bibelteksten ønsker at vi skal tilgi ubetinga og utan grenser. Uansett kor mykje og kor mange gongar sonen syndar så vert han akseptert og tilgitt.

Vi tenker at livet er ein prosess av læring. Vi lærer ikkje alt på ein gong, og læring er ein langsam prosess. Vi strever etter å være gode menneske, sjølv om livet ikkje går som det skal og freisting er over alt. Vi trur at i staden for å sette grenser, så burde vi heller fokusere på å forstå grunnen til at personen gjorde ein feil

b. Er det noko som ikkje kan verta tilgitt?

Den kan godt hende at noko ikkje kan tilgjevast, men det å tilgi bygjar på eit val som ein må ta og det er det som er viktig.

7. Den norske gruppa viser til å grensesetting er ein viktig del av det å være foreldre. Dei seier at kanskje faren hadde klarare grenser for den eldste sonen, og at den eldste sonen følte på dette som ein stor avgrensing som til slutt førte til sinne.

a. Vil de sei at faren var urettferdig i grensesettinga når det kjem til dei to brødrane?

Det å være foreldre er ikkje ein lett rolle. Alt ein seier og gjer som foreldre legger grunnlaget for korleis barna veks opp, vert oppfatta av andre og korleis dei viser seg ovanfor andre menneske. For oss så verker det ikkje som faren er urettferdig, men at han heller ikkje hadde etablert eit klart forhold til sine born. Dette gjer at han lett kan verta missforstått som urettferdig.

b. Er det ein forskjell på dei to brødrane som gjer at faren setter forskjellige grenser for dei?

Ut ifrå personleg erfaring så er det, for det meste, den eldste sonen som bærer ansvaret for familien og han er bunden av ein forventing frå foreldrane.

8. Kva familieverdiar kjem fram i den norske gruppa sitt møte og tolking av teksten? Kjenner de dykk igjen i desse verdiane, eller er dei annleis frå dykkar egne verdiar?

Når det kjem til våre familieverdiar i forhold til teksten i seg sjølv, så står vi ganske likt. Dersom vi derimot legger til våre eigen forståing og erfaringar og reflektere over dei, så har vi forskjellig tilnærming når det kjem til kultur og personlege meiningar rundt korleis ein i praksis skal handle i ein ekte situasjon.

9. Er dett ein god teks når det kjem til å kommuniserer kristne familieverdiar og foreldreroller?

Ja. Den er enkel men er kan brukast på ein god måte til å formidle familieverdiar.

10. Dersom de har nokon spørsmål til partner gruppa, så kan du stille spørsmålet her.

Vi har ingen spørsmål til partnergruppa vår så langt. Vi deler den same følelsen når det kjem til tru inn i dette prosjektet.

Vedlegg 5:

Tredje rapport – Norsk gruppe

Refleksjonsspørsmål:

- 1. Partner-gruppa dykkar seier, opp til fleire gongar, at dei dele det same synet på teksten som de har. Kjenner de dykk igjen i denne påstanden. Kva er det i såfall de kjenner eller ikkje kjenner dykk igjen i?**

Me kan sjølvsagt ikkje sei i mot dei. For oss er det heilt tydleg at me er samde om hovudtanken. Likevel ser me nokre skilnadar. Noko me synest er heilt naturleg. I fyrste rapporten hadde dei med fokuset på mor som mangla i forteljinga. Og ein del fokus på eldste sonen sitt særlege ansvar for familien. Dette ser me som tydlege teikn på at me har ulik kulturell bakgrunn. Noko av det som gjer eit slikt prosjekt spennande.

- 2. Føler de dykk forstått av partner-gruppa? Kva er det som gjer at de føler dykk forstått/ikkje forstått?**

Me må berre sei det så enkelt at me opplever at partenergruppa har forstått kva me meiner og tenkjer.

- 3. Begge gruppene assosierer farsfiguren i likninga sterkt med Gud. Trur de at ein slik sterk assosiasjon kan låse den som tolkar teksten til eit avgrensa perspektiv?**
 - a. Er det mogleg å lese teksten frå eit reint menneskeleg perspektiv? Kva gjer dette med teksten?**

Sjølvsagt er det mogleg å lesa teksten med eit reint menneskeleg perspektiv. Men me les teksten inn i den samanhengen, den er sett inn i i Bibelen. Som eit svar til farisearane og dei skriftlærde om kven og korleis Gud er. Då vert det vanskeleg for oss å lesa den med eit reint menneskeleg perspektiv. Når me les det med eit Guds perspektiv vert det ei forteljing som inneheld heile evangeliet.

- 4. Den filippinske gruppa trekker fleire gongar fram ein tanken rundt at foreldre står med eit ansvar i å rettleie borna.**
 - a. Kan faren i historia seiast å stå ansvarleg for den yngste sonen sine handlingar med bakgrunn i mangelfull rettleiing? (Kvifor/Kvifor ikkje?)**

Me ser ikkje noko grunnlag for å tenkja denne tanken. Me veit at barna kan ta avstand frå rettleiinga som foreldre gir. Foreldre si rettleiing er ingen garanti for at barnet

følger den rettingen foreldre vil. Me kan difor ikkje sjå at foreldre har ansvar for barna sine val.

b. Kan dette perspektivet rundt foreldres ansvar ovanfor sine born gje oss eit nytt perspektiv rundt kven Gud er i relasjon til oss? (Kvifor/Kvifor ikkje?)

Sidan me ikkje ser at faren har noko ansvar for sonen sine handlingar. Ser me ikkje at dette kan gi noko nytt perspektiv inn i teksten. Me ser at faren gir sonen eit valg. Han får ein fri vilje til å gjera med arven som han vil. Gud har skapt oss og gitt oss ein fri vilje. Me kan ikkje gi Gud ansvar dersom me går bort frå han.

c. Kan Gud seiast å ha eit foreldreansvar ovanfor oss menneske? (Kvifor/Kvifor ikkje?)

Me er Guds barn. Me ber Fadervår, der me henvender oss til Gud som vår far. Han har teke ansvar for oss ved å senda Jesus som vår Frelsar. Slik kan me sei at Gud har teke foreldreansvar. Men me kan ikkje sei at han er ansvarleg for våre valg. Våre valg må me stå til ansvar for sjølv.

Nokre tankar om prosjektet

Me synst det har vore interessant å vera med i dette prosjektet. Det å få presentert andre sine tankar rundt teksten er spennande. Me ser tydeleg at kulturen vår er med når me les og tolkar Bibelteksten. Og det er heilt natureleg. Me tek med oss livet vårt inn i lesinga. Når me skal lesa teksten saman med andre som har ulik bakgrunn må me sjølv tenkja endå grundigare gjennom våre svar og tankar. Det er spennande å få nye tankar inn i ein tekst som er så kjent. Dette er ein tekst me har høyrte fortalt frå me var små barn.

Me vart overraska over at partnergruppa vår sakna mora i forteljinga. Noko som var ein heilt ny tanke for oss. Ellers tenkte me i det store og heile veldig likt om de me les. Kanskje me vart litt overraska over at det var så likt. Det gjer at me ikkje har så mykje anna å ta med oss vidare frå dette.

Denne måten å lesa Bibelen på er spennande. Det å få bli litt «kjent» med heilt nye menneske er veldig spennande. Me syntes det var veldig interessant å få lov til å vera med i dette prosjektet. Få lov til å få eit lite innblikk i ein heilt framand familie med ein heilt framand kultur.

Vedlegg 6:

Den tredje rapporten - Filippinsk gruppe

Refleksjonsspørsmål:

1. Føler du at partnergruppa har forstått kva det var de prøvde å formidle? På kva måte føler de at partnergruppa har forstått/misforstått dykk?

Slik som partnergruppa vår seier det, teologisk er vi like. Vi kjenner oss igjen i at partnergruppa kallar oss for ei familieorientert gruppa. Refleksjon til gruppa vår har sitt grunnlag i våre personlege følelsar og erfaring. Der vi taler om «morsrolla» i historia var viktig for vår gruppe å få fram. Dette har sitt grunnlag i at vi kjem frå forskjellige familiar kvar faren ikkje alltid har vert tilstade.

Grunne til at fedrane våre ikkje har vert tilstade er fordi dei har reist for å arbeide slik at familien skal kunne overleve. På den måten spelar mora rolla til begge foreldre i heimen. Denne situasjonen vert reflektere i historia, og i ein filippinsk kulturell situasjon så ville det ha vert mora som tok imot ein son som hadde synda mot familien.

2. Begge gruppene hadde ein sterk assosiasjon mellom farsfiguren i historia og Gud. Trur de at ein slik sterk assosiasjon kan vera med på å avgrense perspektivet til den som tolkar teksten?

Vår gruppe meiner at assosiasjonen mellom faren og Gud er med på å avgrense perspektiv rundt tolkinga av teksten, etter som situasjonen som vert vist i teksten ikkje nødvendig vis reflekterer ein far og son relasjon. Vi tenker at Gud kanskje er god og nådig, men vi har ingen førstehands erfaring av Gud. Vi har førstehands erfaring med ein jordleg far, og vi kjenner til og kan føresjå kva som vil skje i den gitte situasjonen. Det er også litt av grunne til at vi generaliserer teksten sin budskap til det at «Gud er ein nådig far».

a. Er det mogleg å lese teksten frå eit reint menneskeleg perspektiv, og kva gjer dette med teksten?

Vår gruppe har vorte samde om at denne teksten ikkje kan lesast i eit reint menneskeleg perspektiv. Med tanke på nåtida i samfunnet og familiens velvære, relasjon og økonomiske ståsted, så vil ikkje historia ha hatt den same konklusjonen i dag. Vi meiner at ein trenger åndeleg vegleing og vekst for å kunne forstå tekstens sanne tyding og essensen av kva skrifterna ønsker å fortelle oss.

3. Den norske gruppa seier at dei aldri har sett på teksten i Lukas 15:11-32 som ein tekst som beskriver familieverdier og foreldreroller.

a. Var dette eit ukjent perspektiv frå gruppa dykkar?

Grappa vår trur at, ikkje berre teksten i Lukas 15:11-32, men heile bibelen er ein rettleiing inn i våre liv. På den måten er ikkje dette perspektivet heilt ukjent for oss, etter som vi har lært å lese bibelen på denne måten i kyrkja. Kvar søndag i kyrkja vert evangeliet forklart gjennom ein kontekst av livet i kvardagen, og korleis vi kan anvende teksten inn i våre liv. Denne teksten viser oss korleis relasjonen mellom far og ein son i historia burde være vårt utgangspunkt i livet. Faren klager ikkje når sonen ber om arva, han gav han arva og tok imot han igjen då han kom heim med sine feil og manglar. Er ikkje dette den rette verdien ein far bør ha ovanfor sine born?

b. Trur de at teksten sin bodskap er meir enn ein likning og eit svar til Farisearane og dei skriftlærde, og kan ein finne fram til meir kunnskap frå teksten dersom ein lesar den gjennom eit filter som er prega av kultur?

For vår gruppe er denne teksten frå bibelen ein enkel tekst med ein fullstendig bodskap. Vi trur ikkje at skrifta gjev oss eit klart svar rundt kva ein skal gjera, men fungerer som ein rettleiing som vi må reflektere over. Vi trur at Gud har gitt oss ein gåve av visdom slik at vi kan finne fram til dei svara vi leiter etter gjennom Bibelen sine rettleiande skrifter.

4. Den norske gruppa legger merke til at de skriver at «handling» er høyrer til rundt prosessen å tilgje, og dei lurte på om de refererte til skriftemålet her.

a. Er skriftemålet viktig inn i måten de praktiserer tru på?

Vi har forskjellige meiningar innad i gruppa, etter som vi består av romersk katolske og «Born-Again» kristne. Desse to retningane har veldig forskjellige tankar og praksis. Skriftemålet vert forvalta ulike i måten vi trur på, men vi er samde om at anger dannar starten i ein prosess av tilgjeving. Dette står i likskap med Johannes døyparen som inviterer til omvending som ein førebuing til Kristi komme. Det å vise ekte anger for det ein har gjort galt, for så å holde seg til det som er rett gjer oss verdige til å ta imot tilgjeving.

b. Trur de at skriftemålet er nødvendig for tilgjeving av synder?

Ja. Vår gruppe er heilt samde i at for å få tilgjeving så må ein erkjenne og akseptere at ein har synda for så å angre og akseptere konsekvensane/straffa

Avsluttande spørsmål:

1. Kva har de lært gjennom dette prosjektet, og har det oppstått ein forandring i måten de les og tolkar bibelteksten på i møte med den andre gruppa?

Gjennom dette prosjektet har gruppa vår sett teksten frå eit nytt perspektiv, og det har oppstått nye spørsmål i møte med partnergruppa sin refleksjon. Det heile har ikkje endra trua vår, men eit utvida perspektiv og ein større forståing rundt teksten har komet til utrykke.

2. Var det noko som oppstod eller kom fram gjennom prosjektet som overraska dykk, og har partnergruppa sine tankar utfordra dykk? I såfall, på kva måte?

Gjennom prosjektet, i tillegg til ein delt ny innsikt i partnergruppa vår, så ha gruppa vår også hatt interne diskusjonar etter som vi har forskjellig trospraktis og syn på skrifta. Utfordringa vår ligger i å tolke vår eigen forståing og tru til dei andre deltakarane. Vi er samde om at det er gjennom respekt ovanfor individets tru som gir ro og ferdigstilling av bibelstudiet.

3. Er det noko med partner-gruppa sin tolking av teksten de ønsker å ta med dykk vidare og jobba meir med?

Partnergruppa har formidla sin refleksjon klart og tydelig, og vi er samde i og deler den same trua.

4. Kan denne forma for prosjekt vera med på å bryte fastlåste og normative lesingar av bibelen, og føre til at gamle tekstar får ny meining i møte med partner-gruppa?

Ja. Nye perspektiv og spørsmål har oppstått i interaksjonen mellom oss og partnergruppa vår. Eit eksempel på dette er når partnergruppa stiller seg spørsmålet rundt kvifor den heimvendte sonen ikkje vert stelt og vaska før han får på seg dei fine kleda. Når ein lesar teksten så utviklar dei nye ideane og perspektiva seg.

a. Har de opplevd noko liknande gjennom dette prosjektet?

Gjennom å lese teksten fleire gongar så veks og utvidar forståinga rundt teksten seg. Vår generelle forståing av teksten visar oss korleis Gud, framstilt gjennom faren, er ein nådig far. Dette utvidar vårt perspektiv og gir eit meir detaljert bilete rundt ting som skjer i teksten, og korleis ein kan ta med teksten inn i det daglege livet.

Avslutting:

Gjennom utvekslinga av innsikt og tru i møte med teksten om «den fortapte sonen» kom vi fram til at partnergruppa vår er gode religiøse menneske. Dei har ein god forståing av skrifta, og eit sterkt ståstad når det kjem til deira tru og måten dei praktiserer den. Dei er meir kunnskapsrike og erfarne når det kjem til å bruke teksten inn i det daglege livet. Dei hadde mange perspektiv på teksten som vi ikkje har tenkt over, men vi deler den same trua slik som

den vert vist gjennom historia. Basert på deira refleksjon, så har dei klare meiningar rundt korleis sonen burde oppføre seg i forhold til faren, og at det å vise respekt er ein viktig del av det å være ein familie. Dette gjorde at vi satt stor pris på forskjellen i etnisitet og kultur. Desse forskjellane verker som om dei er meir kompensierende enn motseiande, etter som det opnar for fleire perspektiv som kan avvendast i våre liv.